



Møre og Romsdal fylke



AREAL- OG
MILJØVERNDELINGA



Supplerande kartlegging av naturtypar i Volda kommune 2007

Framsidedeilete:

Lind i beita hagemark og rasmark ved Homborset (BN00037607), eitt av dei sjeldnaste viltveksande treslaga i Møre og Romsdal. Foto: Dag Holtan ©

Styvingsalm ved Jostranda i Dalsfjorden (BN00022208). Foto: Dag Holtan ©

Slåtteeng på Mjeltevika ved Kilspollen (lokalitet nr. 109). Foto: Dag Holtan ©

Blåbærslørsopp Cortinarius riederi er ny for Vestlandet. Biletet er teke i den nordlege delen av Tjørnanakkene i Bjørkedalen (111). Foto: Dag Holtan ©

Langedalselva (117) har ei fin kløft med fossar og stryk. Langs elva vart det gjort viktige funn av svært fuktkevande, oseaniske moseartar, m.a. prakttvibladmose. Foto: John Bjarne Jordal ©.

Utførende konsulentar: Dag Holtan og John Bjarne Jordal	Kontaktperson/prosjektansvarleg: Dag Holtan epost: samedag@online.no	ISBN 978-82-7430-152-8 (Pdf utgåve) ISBN 978-82-7430-153-5 (Papir utgåve) ISSN 0801-9363														
Oppdragsgjevar: Møre og Romsdal fylke	Kontaktperson hos oppdragsgjevar: Kjell Lyse	År: 2008														
<p>Referanse: Holtan, D. & Jordal, J. B. 2008: Supplerande kartlegging av naturtypar i Volda kommune 2007. Møre og Romsdal fylke, areal- og miljøvernnavdelinga, rapport 2008-02. 100 s.</p>																
<p>Referat: Det er utført supplerande kartlegging av prioriterte naturtypar og raudlisteartar i Volda kommune etter ein fastsett, nasjonal metodikk. Det er i 2007 avgrensa og skildra 38 naturtypelokalitetar frå hovudnaturtypane havstrand/kyst, kulturlandskap, myr, ferskvatn/våtmark, skog, berg/rasmark og fjell. 19 av desse er nye, og i 19 andre er det samla supplerande data. Det er samanstilt funn av nasjonale raudlisteartar (169 funn av 44 artar). Materialet er levert i rapportform, og som kart og database. Volda sitt særpreg er særleg innanfor naturtypane edellauvskog, olivinfuruskog (ein nasjonalt sjeldan type), kulturlandskap med naturbeitemarker og nedbørrike kystfjell med ein sjeldan, oseanisk moseflora på fuktige, gjerne nordvendte stader. Volda kommune har eitt verneområde, Berkneset naturreservat med m.a. svartor. Voldanaturen er framleis mangelfullt kjent.</p>																
<p>Emneord:</p> <table> <tr> <td>Biologisk mangfald</td> <td>Prioriterte naturtypar</td> </tr> <tr> <td>Planter</td> <td>Kulturlandskap</td> </tr> <tr> <td>Sopp</td> <td>Myr</td> </tr> <tr> <td>Mose</td> <td>Skog</td> </tr> <tr> <td>Lav</td> <td>Rasmark</td> </tr> <tr> <td>Insekt</td> <td>Fjell</td> </tr> <tr> <td>Fugl</td> <td>Ferskvatn</td> </tr> </table>			Biologisk mangfald	Prioriterte naturtypar	Planter	Kulturlandskap	Sopp	Myr	Mose	Skog	Lav	Rasmark	Insekt	Fjell	Fugl	Ferskvatn
Biologisk mangfald	Prioriterte naturtypar															
Planter	Kulturlandskap															
Sopp	Myr															
Mose	Skog															
Lav	Rasmark															
Insekt	Fjell															
Fugl	Ferskvatn															
Fagansvarleg:	For administrasjonen:															
<hr/> Trond Haukebø (seksjonssjef)	<hr/> Per Fredrik Brun (areal- og miljøverndirektør)															

FØREORD

Etter at Noreg slutta seg til Konvensjonen om biologisk mangfald i 1993 har Stortinget bestemt at alle norske kommunar skal gjennomføra ei kartlegging av viktige naturtypar for å styrka vedtaksgrunnlaget i det lokale planarbeidet, jf. St. meld. nr. 58 (1996-97) og St. meld. nr. 42 (2000-2001). Første runde av dette arbeidet er på det næraste avslutta i Møre og Romsdal. Møre og Romsdal fylke arbeider no med kvalitetssikring og supplering av dei data som tidlegare er samla inn, og denne rapporten er ein del av dette.

Denne rapporten er laga på oppdrag av Møre og Romsdal fylke av Dag Holtan og John Bjarne Jordal. Arbeidet er finansiert av Direktoratet for naturforvaltning. Rapporten er basert på innsamling av ny kunnskap gjennom feltarbeid. Materialet er systematisert etter ein fast metodikk som gjeld for heile landet. Det er meininga at rapporten skal kunne brukast som eit kunnskapsgrunnlag i både offentleg og privat planlegging. Innhaldet i rapporten er også tilgjengeleg på Direktoratet for naturforvaltning sin Naturbase på Internett www.naturbase.no

INNHALD

FØREORD	3
INNHALD	4
SAMANDRAG	6
INNLEIING	9
BAKGRUNN OG FØREMÅL	9
KVA ER BIOLOGISK MANGFALD?	9
VERDIEN AV BIOLOGISK MANGFALD	9
TRUGSMÅL MOT DET BIOLOGISKE MANGFALDET	9
FORVALTNING AV BIOLOGISK MANGFALD I KOMMUNANE	11
FØREMÅLET MED RAPPORTEN	12
NØKRE OMGREP	12
METODAR OG MATERIALE	14
INNSAMLING AV INFORMASJON	14
VERDISETTING OG PRIORITERING	15
PRESENTASJON	16
NATURGRUNNLAG	17
LANDSKAP M.M.	17
KLIMA.....	17
GEOLOGI	18
LAUSMASSAR	18
NATUR- OG BIOGEOGRAFISK PLASSERING.....	18
HOVDNATURTYPAR	20
HAVSTRAND/KYST	20
KULTURLANDSKAP	20
SKOG.....	20
MYR	21
FERSKVATN	22
BERG, RASMARK OG KANTKRATT.....	22
FJELL	22
LOKALITETAR	23
NYE LOKALITETAR	23
LOKALITETAR MED SUPPLERINGAR OG ENDRINGAR	33
OMRÅDE MED DÅRLEGE DATA ELLER USIKKER STATUS	47
RAUDLISTEARTAR	49
ALGAR	49
SOPP	49
LAV	49
PLANTER	49
MOSAR.....	49
VIRVELLAUSE DYR	49
KUNNSKAPSSTATUS	60
OPPSUMMERING AV DATAGRUNNLAG ETTER DETTE PROSJEKTET	60
BEHOVET FOR VIDARE UNDERSØKINGAR	60
KJELDER	61
GENERELL LITTERATUR.....	61
LITTERATUR SOM BERØRER VOLDA.....	62
ANDRE KJELDER.....	77

MUNNLEGE KJELDER.....	77
VEDLEGG	78
PLANTELISTER FOR LOKALITETAR	78
SOPPLISTER FOR LOKALITETAR	82
MOSELISTER FOR LOKALITETAR.....	82
LAVLISTER FOR LOKALITETAR	83
SKILDRINGAR AV LOKALITETAR INNLAGT I NATURBASE FRÅ FØR	84
KART	100
BILETE.....	101

SAMANDRAG

Bakgrunn og føremål

Bakgrunnen for rapporten er ei nasjonal satsing for å auka kompetansen og styrka det lokale nivået i forvaltninga av det biologiske mangfaldet. Bakgrunnen frå statleg hald er Stortingsmelding nr. 58 (1996-97), "Miljøvernpolitikk for ein bærekraftig utvikling. Dugnad for framtida". Denne vart vedteken i 1998, og legg premissane for kartlegginga av alle norske kommunar. Sidan har vi og fått St.meld. nr. 42 (2000-2001) Biologisk mangfald, sektoransvar og samordning. Hovudkonklusjonen her er at den norske naturforvaltninga må bli meir kunnskapsbasert, og at vedtaksgrunnlaget i kommunane må bli betre.

Hovudføremålet med prosjektet er å gje alle arealforvaltarar eit godt naturfagleg grunnlag for den framtidige bruken av naturen i kommunen, slik at ein betre kan ta omsyn til det biologiske mangfaldet i all verksemd.

Metodikk

Metoden går i hovudsak ut på å identifisera område som er særleg verdifulle for det biologiske mangfaldet, fordi dei er levestader for særleg mange artar, eller for uvanlege eller kravfulle artar som har vanskeleg for å finna leveområde elles i landskapet. Desse såkalla prioriterte naturtypene er definerte i ei handbok i kartlegging av biologisk mangfald som no er oppdatert på Internett (Direktoratet for naturforvaltning 2007).

For å skaffa fram ny kunnskap er det satsa på feltarbeid. Informasjonen er samanstilt og lokalitetane er prioritert etter metodane i DN-handboka. Dette omfattar mellom anna vektlegging av indikatorartar (signalartar). Informasjonen er presentert på kart, i database og i rapport.

Naturgrunnlag

Naturgrunnlaget i kommunen er kort skildra med omtale av landskap, geologi og lausmassar, klima og naturgeografiske tilhøve.

Naturtypar i Volda

Dei ulike naturtypene i Volda er kort skildra. Viktige naturtypar for det biologiske mangfaldet i Volda er kulturlandskap (særleg naturbeitemarker), ferskvatn (viktige bekkedrag med m.a. fossesprøytoner med sjeldne mosar) og skog (særleg olivinfuruskog og rik edellauvskog med m.a. svartor, alme- og hasselskogar, og ein del sjeldne artar av planter og sopp). Myr, havstrand og fjell har etter måten få lokalitetar, men Volda har ein uvanleg kombinasjon av høge fjell i eit svært nedbørrikt klima med ein sjeldan, oseanisk (kystbunden) moseflora som framleis er for dårleg utforska.

Viktige lokalitetar i Volda

Nedafør er lista opp alle lokalitetar i kategori A (svært viktig), B (viktig) og C (lokalt viktig) som er undersøkte i prosjektet, det er 19 nye og 19 andre der det er samla supplerande data. Nye lokalitetar er gjevne nummer frå 101 til 119. For lokalitetar som er undersøkt tidlegare, er det nytta dei same numra som i DN sin Naturbase på Internett (BN+8 siffer).

Tabell 1. Prioriterte naturtypelokalitetar i Volda skildra i denne rapporten. Tabellen gjev ei oversikt over lokalitetane sorterte etter nummer. Tresifra tal er nye lokalitetar, BN+8 siffer er Naturbase-nummer (gamle lokalitetar). A=svært viktig, B=viktig, C=lokalt viktig.

Nr.	Lokalitet	Naturtype	Verdi
101	Håskoll: Hovdevatnet	rik kulturlandskapssjø	B
102	Håskoll aust for idrettsbanen	kystmyr	B
103	Håskoll: Langmyra	kystmyr	B
104	Volda: Øyraelva	viktig bekkedrag	B
105	Voldsfjorden: Løvikneset-Greifsnes	edellauvskog	A
106	Austefjorden: Geitvika øst	edellauvskog	B
107	Austefjorden: Vindåsen aust for Eidsvatnet	edellauvskog	B
108	Bjørkedalen: Botnen sør for Litlevatnet	gammel lauvskog	B
109	Bjørkedalen: Mjeltevika	slåttemark	B
110	Bjørkedalen: Medvatnet: Svartevika	nordvendte kystberg og blokkmark	B

111	Bjørkedalen: Tjørnanakken nord	kalkskog: olivinfuruskog	A
112	Bjørkedalen: Tjørnanakken sør	kalkskog: olivinfuruskog	A
113	Bjørkedalen: Laurdalselva	bekkekløft	A
114	Bjørkedalen: Kjellstad	kalkskog: olivinfuruskog	A
115	Bjørkedalen: Koppen	nordvendte kystberg og blokkmark	A
116	Bjørkedalen: Langedalen, N-sida av Vasslidhaugen	nordvendte kystberg og blokkmark	B
117	Bjørkedalen: Langedalselva	fossesprøytsoner/bekkekløft	B
118	Dalsfjorden: Innselset	edellauvskog	B
119	Lauvstad: Ulvestadsetra	naturbeitemark	C
BN00022171	Håskolltjønna	rike kulturlandskapssjø	C
BN00022176	Austefjorden: Ullalandsfeltet	kalkskog: olivinfuruskog	A
BN00022178	Austefjorden: Vassendskreda/Blomneset	edellauvskog	A
BN00022188	Folkestad: Bøen	slåttemark	A
BN00022189	Dalsfjorden: Nautvik - Djupegjølet	edellauvskog	B
BN00022193	Lauvstad: Grøtholen	naturbeitemark	B
BN00022203	Voldsfjorden: Alida	edellauvskog	A
BN00022208	Dalsfjorden: Jostranda	hagemark	B
BN00022211	Folkestad: Løndalen	naturbeitemark	B
BN00022218	Bjørkedalen: Sandvika	kalkskog: olivinfuruskog	A
BN00022219	Bjørkedalen: Helsetnakken	kalkskog: olivinfuruskog	A
BN00022222	Bjørkedalen: Hovdi	kalkskog: olivinfuruskog	A
BN00022223	Bjørkedalen: Botnaelva	bekkekløft/bergvegg/ fossesprøyt	B
BN00022225	Austefjorden: Storenakken	edellauvskog	A
BN00022226	Austefjorden: Telefonna/Osdalsvatnet	edellauvskog	B
BN00022230	Voldsfjorden: Dryparfjellet/Toskegjølet	edellauvskog	A
BN00022232	Austefjorden: Urane	edellauvskog	A
BN00022233	Austefjorden: Hjarthaugbygda	hagemark/edellauvskog	B
BN00037607	Austefjorden: Homborset	hagemark/edellauvskog	A

I Naturbase på Internett er det skildra ein del andre lokalitetar enn i tabell 1. Alle gamle lokalitetar er lista i tabell 5 under lokalitetsskildringar. Elles er lokalitetsskildringar tatt med i vedlegg for oversikta si skuld.

Raudlisteartar

Ei *raudliste* er ei liste over artar som i ulik grad er truga av menneskeleg verksemd. Det kan vera ulike fysiske inngrep i form av utbygging, det kan vera skogsdrift eller omleggingar i jordbruket, forureining, samling m.m. Slike artar kallast raudlisteartar. Kva artar dette gjeld er lista opp i ein nasjonal rapport (Kålås m.fl. 2006).

Det er registrert forekomstar av raudlisteartar av algar, planter, mosar, sopp, lav og ferskvassblautdyr i Volda, og dei som er kjent, er omtala i eit eige kapittel. Totalt er det kjent 169 funn av 44 artar.

Kunnskapsstatus

Eit eige kapittel inneheld ei kort vurdering av kunnskapsstatus etter dette prosjektet, og på kva område det er behov for meir kunnskap. Når det gjeld naturtypar, står ein del att å undersøkje i skog (gammal skog, edellauvskog, sumpskog, bjørkeskog med høgstauder, gråor-heggeskog), i ferskvatn (stille og rennande), myr, og kulturlandskap (naturbeitemarker, hagemarker og skogsbeite). Kunnskapen om mange organismegrupper og potensielle raudlisteartar i Volda er også jamt over dårleg.

Litteratur

Ein eigen database er utarbeidd over litteratur om naturen i Møre og Romsdal. Eit søk på Volda i denne basen ga ca. 570 treff. Her vil det forhåpentleg finnast noko som har lokal interesse, t.d. til skulebruk. Berre ein mindre del av desse kjeldene er brukte i rapporten.

Vedlegg

I vedlegget er det presentert artslistar av planter, lav, sopp og mosar frå dei undersøkte lokalitetane. Desse er ikkje fullstendige eller utfyllande, men gir ein peikepinn på mangfaldet og verdiane. Elles er det i vedlegget også tatt med områdeskildringar frå tidlegare (henta frå Naturbase).

Kart

Møre og Romsdal fylke har digitalisert dei avgrensa lokalitetane, og kart som viser dei nye områda i kommunen er presenterte bakerst i rapporten. Tidlegare registrerte område er vist i den kommunale kartleggingsrapporten frå 2005. Samla oversikt i www.naturbase.no

INNLEIING

Bakgrunn og føremål

Bakgrunnen for rapporten er ei nasjonal satsing for å auka kompetansen og styrka det lokale nivået i forvaltninga av det biologiske mangfaldet. Bakgrunnen frå statleg hald er Stortingsmelding nr. 58 (1996-97), "Miljøvernpolitikk for ei bærekraftig utvikling. Dugnad for framtida". Denne vart vedteken i 1998, og legg premissane for kartlegginga av alle norske kommunar. Sidan har vi òg fått St.meld. nr. 42 (2000-2001) "Biologisk mangfald, sektoransvar og samordning". Hovudkonklusjonen her er at den norske naturforvaltninga må bli meir kunnskapsbasert, og at vedtaksgrunnlaget i kommunane må betrast.

Hovudføremålet med prosjektet er å gje alle arealforvaltarar eit godt naturfagleg grunnlag for den framtidige bruken av naturen i kommunen, slik at ein betre kan ta omsyn til det biologiske mangfaldet i all verksemd.

Kva er biologisk mangfald?

Populært sagt er biologisk mangfald jorda sin variasjon av livsformer (planter, dyr og mikroorganismar m.m.), inklusive arvestoffet deira og det kompliserte samspelet mellom dei. Variasjonen i naturen kan beskrivast på tre ulike nivå: gen-, arts- og økosystemnivå.

Meir presist er biologisk mangfald definert slik i Rio-konvensjonen om biologisk mangfald: "*Biologisk mangfald er variabiliteten hos levande organismar av alt opphav, herunder m.a. terrestriske, marine eller andre akvatiske økosystem og dei økologiske kompleksa som dei er ein del av; dette omfattar mangfald innanfor artene, på artsnivå og på økosystemnivå.*" (MD 1992).

Verdien av biologisk mangfald

Miljøverndepartementet (2001) knyter desse verdiane til biologisk mangfald:

- **Direkte bruksverdi:** Verdi som vert realisert gjennom bruk av biologiske ressursar til t.d. mat, medisinar, kunst, klede, byggverk og brensel, samt bruk av natur til leik, rekreasjon, friluftsliv, turisme, undervisning og forskning.
- **Indirekte bruksverdi:** Verdi i form av livsberande prosessar og økologiske tenester som biologisk produksjon, jorddanning, reinsing av vatn og luft, vasshushaldning, lokalt og globalt klima, karbonet, nitrogenet og andre stoff sitt kretsløp, økologisk stabilitet og miljøet si evne til å dempe effektar av påkjenningar som forureining, flaum og tørke. Desse verdiane er ein føresetnad for menneskeleg eksistens og økonomisk aktivitet.
- **Potensiell verdi:** Verdier som ikkje er utnytta eller kjent. Slike verdier omfattar både direkte og indirekte verdier nemnt ovanfor og er blant anna knytt til bruk av uutnytta genetiske ressursar både når det gjeld tradisjonell foredling og genteknologi for framstilling av nye produkt med direkte bruksverdi.
- **Immateriell verdi:** Verdi som er etisk og moralsk forankra, t.d. knytt til ønsket om å vita at ein art eksisterer, til kommande generasjonar sine mulegheiter og livskvalitet, og til ønsket om å ta vare på landskap og natur som del av vår kulturarv og opplevingsverdi.

Til dei moralske og etiske verdiane høyrer også naturen sin eigenverdi (DN 1999a). At naturen har eigenverdi byggjer på tanken om at alle livsformer og urørt natur har verdi i seg sjølv, og difor ikkje treng sjåast på som eit middel, men som eit mål i seg sjølv. Tanken om at framtidige generasjonar skal overta kloten med like stor moglegheit for ressursutnytting og naturoppleving som vi har, er identisk med ei berekraftig utvikling slik Brundtland-kommisjonen definerte det.

Trugsmål mot det biologiske mangfaldet

Fysiske inngrep

Øydelegging, fragmentering og endring av naturområde er det største trugsmålet mot det biologiske mangfaldet. Særleg viktig er fysiske inngrep i samband med ulike utbyggingsføremål. Store utbyggingar har ofte store konsekvensar, men det er summen av både små og store inngrep som over tid vil avgjera om vi klarer å ta vare på det biologiske mangfaldet. Der utbyggingspresset er stort, er det ofte utbyggingsinteressene som vert sterkast vektlagt i beslutningsprosessane.

Endra driftsformer i jord- og skogbruk

Utviklinga i landbruket resulterer i intensivering, spesialisering og rasjonalisering av drifta, men også fråflytting, brakklegging og attgroing. Dei største driftsendringane i jordbruket har skjedd dei siste 50 åra og mange kulturskapte naturtyper, m.a. slåtteenger og naturbeitemarkar er i ferd med å forsvinna (m.a. Fremstad og Moen 2001). Mykje av det lysopne, mosaikkprega landskapet frå det tradisjonelle jordbruket gror i dag att, og vert til skog. Dette medfører m.a. at planteartar som er avhengige av mykje lys og lite konkurranse går attende, og t.d. insekter knytt til desse plantene får også problem. I tillegg fører sjølv moderat gjødsling til at ein del artar går sterkt attende eller forsvinn heilt (Jordal 1997, Fremstad 1997). Bruken av kunstgjødsel var svært liten fram til 2. verdskrigen. Etter krigen auka bruken sterkt fram til 80-tallet. På grunn av desse endringane kan ei lang rekkje plante-, sopp- og insektsartar gå attende eller forsvinna, for 35 % av dei norske raudlisteartane er knytte til kulturlandskapet (Kålås m.fl. 2006). I skogbruket har hogst gjennom mange hundre år redusert mengda av daud ved av ulike dimensjoner og med ulik nedbrytingsgrad. Urskog er i dag bortimot forsvunne, og gammalskog med mykje daud ved utgjør berre små areal. Område med biologisk verdifull skog, m.a. edellauvskog, har dei siste 50-100 åra delvis vorte erstatta med gran, og sumpskog og myr har vorte drenert.

Spreiing av framande organismar

Menneskeskapt spreiding av organismer som ikkje høyrer naturleg heime i økosystema er eit aukande problem - både for vern av biologisk mangfald og med omsyn til verdiskaping. Innførte artar er ikkje tilpassa dei naturlege økosystema, og mange vil døyt ut etter kort tid. Men dei som greier å etablere seg har ofte ikkje naturlege fiendar som regulerer populasjonane, eller dei kan ha andre konkurransefordelar som fører til at populasjonane aukar kraftig (MD 2001). Dette kan føra til at dei utkonkurrerer andre artar, og at heile økosystem vert endra. Gjennom signering og ratifisering av Riokonvensjonen, har Noreg forpliktet seg til m.a. å hindra innføring av, kontrollere eller utrydda framande artar som trugar økosystem, habitat eller artar (MD 1992: artikkel 8h). I 2007 fekk vi i Noreg ei nasjonal "svarteliste", dette er ein rapport med oversikt over framande artar. Ein del av artane er vurderte med omsyn til økologisk risiko, og fleire av dei som finst i Volda er vurderte til "høg risiko" (Gederaas m.fl. 2007).

Platanlønn er eit treslag som vart innført som pryd- og tuntre for rundt 250 år sidan. I dag har platanlønn etablert seg mange stader i Volda. Platanlønn er vurdert til "høg risiko" på svartelista, er svært konkurransesterk, og vil truleg utkonkurrere mange andre lauvtreslag, m.a. hassel. Platanlønn vil truleg ha ein negativ innverknad på det biologiske mangfaldet på lengre sikt, og bør derfor helst fjernast før dei tek til å setta frø. Kor realistisk dette er, vil vera avhengig av innsatsen, truleg har vi eit problem. Andre døme på inførte artar i kommunen er sitkagran (einskilde plantefelt), gran, lerk (små einskildforekomstar), lupinar (spreidd i vegkantar) og rukkerose. Det er særleg mange framande artar i lokalitetene Alida og Toskegjølet. Mink er ein dyreart som er komen til og har spreidd seg i kommunen sin fauna dei siste 30-50 åra.

Overhausting

Hausting av naturressursar er eit gode så lenge det foregår innanfor økologisk forsvarlege rammer. Overhausting oppstår når det over ein lengre periode vert hausta meir enn populasjonen produserer. Dersom aktiviteten rammar artar med nøkkelfunksjonar, kan ringverknadene verta store. Overhausting av ein truga eller sårbar art vil vera eit trugsmål mot arten sin vidare eksistens. I Noreg er eksempla på overhausting i nyare tid særleg å finna i havet. Ein kan og tenkja seg at einskilde artar med små bestandar (t.d. kvit skogfrue) kan vera utsett for samlarar (eksempelarten er no freda).

Forureining

Dette kan opptre både i form av lokale utslepp, i form av langtransportert forureining som sur nedbør og radioaktivitet, og i form av utslepp som kan påverka heile kloden, som klimagassar og ozonnedbrytande stoff.

Lokale utslepp skuldast ofte landbruk eller kloakk. Eit konkret eksempel på ein svært sårbar art er elvemusling, som nok har fått reduserte bestandar i fleire vassdrag som følgje av landbruksforureining og graving/nedslamming i vassdraga.

Langtransportert forureining frå andre land fører også til forsuring av innsjøer og elvar i Sør-Noreg, men forsuringa har ikkje gjort merkbar skade på naturen i Møre og Romsdal. Det vert likevel reist spørsmål om nitrogenfall kan ha ein effekt i svært næringsfattige økosystem som kystlynghei.

Eventuelle klimaendringar vil også kunne påverka naturen vår. I Noreg viser prognosar at det kan bli meir nedbør i vårt fylke. Temperaturen kan truleg stiga over heile landet. Stormar kan bli meir vanlege, særleg i vår landsdel. Verknadene vil vera størst for fjellartar, og for varmekjære artar som har nordgrense for utbreiinga si i

Noreg. Artar som har nordgrensa si i Noreg, t.d. mange varmekjære planter, soppar og insekt, vil kunne få ei større utbreiing. Volda har i dag mange sørlege artar som er på eller nær nordgrensa si, som vil kunne utbreia seg vidare nordover.

Forvaltning av biologisk mangfald i kommunane

Verneområde

Volda kommune har eitt verneområde (Berkneset). Elles er Bjørkedalsvassdraget verna mot kraftutbygging. Tidlegare har Staten hatt ein vesentleg del av forvaltningsansvaret for verneområda, men meir av dette ansvaret vert no gradvis overført til kommunane.

Resterande areal

På dei resterande delene av arealet i Volda kommune er landbruket, kommunen, det øvrige næringslivet og grunneigarane dei viktigaste aktørane. Kommunen har ei sentral overordna rolle fordi han er ansvarleg for ei samla og langsiktig arealdisponering. I tillegg kan han ekspropria, og er lokal skog- og landbruksmyndighet med ansvar for planlegging, vegleiing og informasjon.

Dei resterande areala må i første rekkje forvaltast av kommunen gjennom bruk av Plan- og bygningslova (PBL). I arealplanlegginga har kommunen eit ansvar for kartlegging og forvaltning av biologisk mangfald. Derfor er det viktig å få kunnskap om og oversikt over kvar i kommunen det er verdifulle område som krev at ein tek særlege omsyn. Meir kunnskap gjev eit bedre vedtaksgrunnlag når avgjerdsler om utnytting av naturområde skal takast. Ifølgje St. meld. nr. 42 skal kommunane heretter utøva ei kunnskapsbasert naturforvaltning.

Aktiv sikring

Kommunane har dei juridiske virkemidla som trengst for å verna område (PBL §25-6 for regulering til spesialområde naturvern), men desse er lite brukt. Årsaka er ei frykt for å påføra kommunen eit erstatningsansvar overfor grunneigarar og andre som har rettar i områda.

Passiv sikring

Kommunen kan styra unna dei viktigaste områda for biologisk mangfald når ein skal byggja ut eller foreta naturinngrep. Ofte har ein alternative plasseringar for tiltak, og ein bør da velgja det som har minst negativ påverknad på det biologiske mangfaldet. Identifiserte område som er viktige for biologisk mangfald skal vektleggast i planlegginga i kommunane (MD 2001).

Grunneigaravtalar

Frivillige avtalar har den fordelen at konfliktgraden ofte er låg og at ein unngår erstatningskrav. På lang sikt er slike avtalar ofte noko usikre, mellom anna i samband med grunneigarskifte eller ved endra økonomiske vilkår. Frivillig vern i skogbruket er likevel ei interessant ordning dersom ho kan nyttast til å sikra verdifulle skogsområde. Denne ordninga inneber juridisk bindande avtalar og utløyser erstatning.

Virkemiddel i landbruket

Fleire tilskotsordningar er i dag tilgjengelege for tiltak som tek vare på det biologiske mangfaldet i jordbrukslandskapet. For å oppnå areal- og kulturlandskapstillegg er det ikkje høve til å gjera større endringar eller inngrep i kulturlandskapet. I tillegg vert det gjeve økonomisk støtte til tiltak som går ut over det ein reknar som vanleg landbruksdrift, t. d. skøtsel av slåtteeenger, naturbeitemarkar, styvingshager m.m. Denne ordninga er frå 2004 overført til kommunane (SMIL). Det er svært viktig at kommunane brukar dette høvet aktivt til å ta vare på biologiske verdiar i kulturlandskapet, og ikkje berre hus og kulturminne. Det er og innført regionale miljøprogram som gjev automatisk tilskott til alle som har godkjente areal og førekomstar av ulike typar (RMP-ordninga). I skogbruket vert det i tillegg til naturtyperegistreringar også utført Miljøregistreringar i skog (MiS), som gjev grunnlag for å velgja ut nullhogstområde, eventuelt spesielle hogstmetodar for å ta miljøomsyn. MiS-registreringar er ein del av sertifiseringa av skogeigar. Det kan gjevast tilskot (av kommunen) etter søknad etter §6 i Forskrift for nærings- og miljøtiltak i skogbruket. Tilskot vert gjeve til meirkostnader som følgje av økonomisk tap for å avstå frå hogst eller leggja om skogsdrifta, det vert da inngått minimum 10 års avtale med kommunen.

Føremålet med rapporten

Hovudføremålet med prosjektet er å gje kommunen og andre arealforvaltarar eit godt naturfagleg grunnlag for den framtidige bruken av naturen i kommunen, slik at ein betre kan ta omsyn til det biologiske mangfaldet i alt planarbeid.

Arbeidet har gått ut på å identifisera område som er særleg verdifulle for det biologiske mangfaldet, fordi dei er levestader for særleg mange artar, eller for uvanlege eller kravfulle artar som har vanskeleg for å finna leveområde elles i landskapet (jfr. metodikk-kapitlet).

Nokre omgrep

Beitemarkssopp: grasmarkstilknytte soppartar med liten toleranse for gjødsling og jordarbeiding, og med preferanse for langvarig hevd – dei har derfor tyngdepunkt i naturenger og naturbeitemarker.

Biologisk mangfald omfattar mangfald av

- naturtypar
- artar
- arvemateriale innanfor artane

Edellauvskog: skog med vesentlig innslag av dei varmekjære lauvtreslaga (alm, bøk, ask, lind, svartor, eik og hassel). I Volda er det alm, ask, sommareik, lind, svartor og hassel som er aktuelle. Desse treslaga krev ein gjennomsnittstemperatur for perioden juni-september på 11-13 °C, medan gran og furu greier seg rundt 8-9 °C og fjellbjørk toler heilt ned i 7-7,5 °C (Hafsten 1972).

Eutrof: næringsrik, vert m.a. bruka om ferskvatn som er påverka av næringstilførsel. Det kjem da inn ei rekkje næringskrevande artar.

Høgmyr: myrtype der plantene får næring berre frå regnvatn, og der torvopphoping gjer at høgaste punkta ligg inne på myra. Ein viktig myrtype på kysten kallast atlantisk høgmyr.

Indikatorart (signalart): ein art som på grunn av strenge miljøkrav er til stades berre på stader med spesielle kombinasjonar av miljøforhold. Slike artar kan dermed gje god informasjon om miljøkvalitetane der den lever. Ein god indikatorart er vanleg å treffa på når desse miljøkrava er tilfredsstilte. For å identifisera ein verdifull naturtype bør helst ha fleire indikatorartar.

Kontinuitet: i økologien bruka om relativt stabil tilgang på bestemte habitat, substrat eller kombinasjon av bestemte miljøforhold over lang tid (ofte fleire hundre til fleire tusen år). Det kan i kulturlandskapet t.d. dreia seg om gjentatt årleg forstyring i form av beiting, slått eller trakkpåverknad. I skog kan det t.d. dreia seg om kontinuerleg tilgang på daud ved av ulik dimensjon og nedbrytingsgrad, eller eit stabilt fuktig mikroklima.

Naturbeitemark: gammal beitemark med låg jordarbeidingsgrad, låg gjødslingsintensitet og langvarig hevd; omgrepet er ei direkte oversetting av det svenske "naturbetesmark".

Natureng: i snever forstand gamle slåttemarkar med låg jordarbeidingsgrad, låg gjødslingsintensitet og langvarig hevd. I andre samanhengar vert omgrepet bruka i ei vidare tyding om gras- og urterik vegetasjon i både gamle slåttemarkar og naturbeitemarker.

Naturengplanter: planter som er knytt til engsamfunn, og som har liten toleranse for gjødsling, jordarbeiding og attgroing. Dei har derfor tyngdepunkt i naturenger og naturbeitemarker, og er dermed en parallell til beitemarkssoppene.

Nedbørsmyr: myrtype der plantene får næring berre frå regnvatnet, sjå og høgmyr.

Nøkkelbiotop: ein biotop (levestad) som er viktig for mange artar, eller for artar med strenge miljøkrav som ikkje så lett vert tilfredsstillt andre stader i landskapet.

Oligotrof: næringsfattig, vert bruka om ferskvatn som er naturleg næringsfattige og dessutan lite påverka av næringstilsig.

Ombrotrof myr: det same som nedbørsmyr, myrtype der plantene får næring berre frå regnvatnet, sjå og høgmyr.

Oseanisk: som har å gjera med kysten og havet. Vert bruka om eit klima med mild vinter og kjøleg sommar, dvs. liten forskjell mellom sommar og vinter, og mykje og hyppig nedbør. Oseaniske planter og oseaniske vegetasjonstypar trivst best i eit slikt klima. Det motsette er kontinental.

Raudliste: liste over artar som i større eller mindre grad er truga av menneskeleg verksemd (DN 1999b).

Rikmyr: jordvassmyr (sjå denne) med høg pH, ofte på grunn av lettforvitrelege basiske bergartar i grunnen. I denne myrtypen finst ei rekkje orkidéar, andre planter, mosar og anna som trivst berre i myr med høg pH.

Signalart: vert i denne rapporten bruka omtrent synonymt med indikatorart.

Tradisjonelt kulturlandskap: dominerande typar av jordbrukslandskap for minst 50-100 år sidan, forma av slått, husdyrbeite, trakk, krattrydding, lauving og lyngheiskjøtsel kombinert med låg gjødslingsintensitet og relativt lite jordarbeiding, med innslag av naturtypar som naturenger og naturbeitemarker, hagemark, slåttelundar og lynghei.

Truga artar: artar som er oppførte på den norske raudlista, også kalla raudlisteartar (jf. Kålås m.fl. 2006).

METODAR OG MATERIALE

Innsamling av informasjon

Informasjonen i dette prosjektet er i hovudsak meint å supplera tidlegare naturtypekartlegging i kommunen (Engen & Grimstad i manus, Naturbase på Internett). Den nye informasjonen kjem i hovudsak frå feltarbeid, og er utført av forfatarane. Arbeidet har gått ut på å identifisera område som er særleg verdifulle for det biologiske mangfaldet, fordi dei er levestader for særleg mange artar, eller for uvanlege eller kravfulle artar som har vanskeleg for å finna leveområde elles i landskapet. Kva naturtypar dette gjeld (såkalla "prioriterte naturtypar"), er definert i DN-handbok nr. 13 (Direktoratet for naturforvaltning 2007 på Internett).

Eksempel:

- ein registrerer ikkje alle strender, men t.d. større strandengområde
- ein registrerer ikkje alt kulturlandskap, men t.d. artsrike naturbeitemarker
- ein registrerer ikkje blåbærbjørkeskog, men t.d. olivinfuruskog eller rik edellauvskog med lind, alm eller hassel og mange varmekjære planter
- ein registrerer ikkje alle bergskrentar, men t.d. artsrike nordvende berg med sjeldan og kystbunden moseflora

Fiskekartlegging inngår ikkje i metodeopplegget, heller ikkje kartlegging av marine område. Handbøkene i kartlegging av ferskvatn (DN på Internett), viltkartlegging etter DN (1996) og marine miljø (DN 2001) er ikkje nytta.

Gangen i arbeidet er slik at ein først må setta seg inn i eksisterande kunnskap, så samla inn ny kunnskap (feltarbeid), deretter systematisera materialet, prioritera lokalitetane og til slutt presentera dette på kart og i rapport eller liknande.

Litteratur

Det er leita systematisk i litteratur som kan tenkjast å ha informasjon frå Volda. John Bjarne Jordal har saman med Geir Gaarder på oppdrag for Fylkesmannen i Møre og Romsdal har laga ein litteraturliste over naturen i fylket. Denne databasen er søkbar på kommune. Eit søk på Volda i databasen er presentert i litteraturoversikta attast i rapporten. Berre ein mindre del av dette er gjennomgått.

Museumssamlingar, databasar, Internett

Lav- og soppdatabasane ved Universitetet i Oslo er sjekka på Internett. Underteikna har vidare motteke utskrift frå herbariedatabasane når det gjeld regionalt sjeldne planter. Likeeins er det brukt egne databasar om litteratur, raudlisteartar, vassplanter, regionalt sjeldne planter m.m.

Innsamling frå personar

Ei rekkje einskildpersonar sit på interessante opplysningar om naturen i Volda. Noko er innsamla. Det er eit stort arbeid å samla all denne informasjonen, og det hadde vore ønskjeleg å kunne bruka noko meir tid til dette.

Artsbestemming og dokumentasjon

Artsmangfaldet er viktig å dokumentera, m.a. for å vurdere lokalitetane sin forvaltningsmessige verdi. Artsbestemming av planter er gjort ved hjelp av Lid & Lid (2005), og norske namn følgjer også denne utgåva. Bestemming av sopp er utført ved hjelp av stereolupe, stereomikroskop og diverse litteratur. For raudskivesopp (*Entoloma*) har ein brukt Noordeloos (1992, 2004). For andre artar har ein brukt Hansen & Knudsen (1992, 1997, 2000) og Ryman & Holmåsén (1984). For vokssopp har ein brukt Boertmann (1995). Norske namn på sopp følgjer Gulden m.fl. (1996) med seinare tillegg. Perry Larsen har hjelpt til med bestemming av einskilde soppartar. Bestemming av mosar er gjort m.a. ved hjelp av Hallingbäck & Holmåsén (1985) og Damsholt (2002). Dr. scient. Kristian Hassel, NTNU Vitenskapsmuseet, har hjelpt til med bestemming og kontroll av viktige mosefunn. Bestemming av lav er gjort ved hjelp av Krog m.fl. (1994). Særleg interessante funn (planter, sopp, lav, mosar) er eller vil bli send til Botanisk museum i Oslo eller Vitenskapsmuseet i Trondheim, der dei skal vera fritt tilgjengeleg for alle. Vitskaplege navn følgjer dei publikasjonane vi har bruka i arbeidet. Namnsetting av fugl følgjer Gjershaug m.fl. (1994).

Verdisetting og prioritering

Generelt

Ved verdisetting av naturmiljøet vert det i praksis gjort ei *innbyrdes rangering* av det biologiske mangfaldet. Det kan settast fram fleire påstandar som grunnlag for å verdisetta einskilte naturmiljø eller artar høgare enn andre, og dei to viktigaste er truleg:

- Naturmiljø og artar som er sjeldne, er viktigere å ta vare på enn dei som er vanlege
- Naturmiljø og artar som er i tilbakegang, er viktigare å ta vare på enn dei som har stabile førekomstar eller er i framgang

Kriteriar og kategoriar

Ein viser her til verdisettingskriteria i DN-handbok nr. 13, 2. utgåve (DN 2007 på Internett). Kategoriane her er:

- A (svært viktig)
- B (viktig)
- C (lokalt viktig)

Kriteria for å plassera ein lokalitet i A, B eller C gjev heilt klart rom for ein del skjøne. Dessutan er kriteria for C - "lokalt viktig" ikkje presentert i handboka. Ein del lokalitetar som truleg ikkje tilfredsstillar kriteria for kategori B - viktig, er plasserte i kategori C - lokalt viktig. For å koma i kategori A bør ein lokalitet ha særlege og uvanlege kvalitetar, t.d. førekomst av høgt prioriterte artar på raudlista, særleg velutvikla og artsrike, eller ein særleg sjeldan eller truga naturtype. For å koma i kategori B vert det ikkje stilt så strenge krav, men nokre definerte vilkår må vera oppfylte.

Bruk av raudlisteartar/signalartar

Når dei ulike lokalitetane er skildra, er det av og til oppramsa mange artar som er funne på staden. Nokre artar vert lagt særleg mykje vekt på i verdisettinga. Desse er:

- raudlisteartar
- signalartar (indikatorartar)

Raudlisteartar er omtala i eit eige kapittel i rapporten. Signalartar vert kort omtala her. Nedafor vert det oppramsa ein del artar som er brukt som signalartar og vektlagt i verdisettinga.

Edellauskog: t.d. breiflangre, fuglereir, lundgrønaks, ramslauk, sanikel, svarterteknapp, vårmarihand

Olivinfuruskog: t.d. blankburkne, brunburkne, fjelltjæreblom, fjellarve, grønburkne

Rik fjellvegetasjon: raudsildre, gulsildre, fjellsmelle, reinrose

Rikmyr: breiull, engstorr, gulstorr, jåblom, loppestorr

Havstrand: t.d. havstorr, ishavsstorr, bogestorr, ålegras

Naturbeitemark: ei rekkje artar definerte som anten naturengplanter eller beitemarkssopp hos Jordal & Gaarder (1995), dette kan vera t.d. blåklokke, grov nattfiol, jordnøtt, kystmaure, grå vokssopp, gul småfingersopp og raudskivevokssopp.

Bruk av truga vegetasjonstypar

Ein rapport om vegetasjonstypar som er truga nasjonalt (Fremstad & Moen 2001) er bruka som støtte i verdisettinga.

Område med dårlege data eller usikker status

Potensielt interessante lokalitetar som det finst lite informasjon om, eller som er undersøkte men ikkje prioriterte, er samla i kapitlet "Område med dårlege data eller usikker status". Ein kan her berre visa til behovet for vidare kartlegging.

Årsaker til at lokalitetar ikkje er avgrensa og prioriterte:

- lokaliteten er ikkje undersøkt, kanskje avstandsbetrakta med kikkert eller berre sett på kart, eller ein har for dårlege data om lokaliteten
- lokaliteten er undersøkt, men ein har så langt ikkje funne tilstrekkelege biologiske verdiar til å avgrensa lokaliteten

- DN-handboka om biologisk mangfald prioriterer ikkje dei biologiske verdiane som er påvist på vedkomande lokalitet

Presentasjon

Generelt

Generell omtale av kommunen med geologi, lausmassar og ulike naturtypar er samla i eit kapittel. Dei mest verdifulle områda er omtala i eit avsnitt med faktaark for lokalitetar. Raudlisteartar er omtala i eit eige kapittel. Siste kapitlet kjem med ei vurdering av kunnskapsgrunnlaget ut frå den kunnskapen som no er samla. Sist i rapporten er presentert litteraturliste for Volda og vedlegg i form av plantelister frå einskildlokalitetar.

Områdeskildringar

Dei einskilde lokalitetane er omtala i eit avsnitt med faktaark for lokalitetar. Ein har her i store trekk følgd DN (2007 på Internett) med nokre justeringar. Truslar nemner ikkje berre dei som er aktuelle i dag, men dei som kan bli aktuelle seinare. T.d. er det for naturbeitemark konsekvent ført opp attgroing som trussel, for skog oftast hogst og treslagsifte. For dei fleste lokalitetar kan fysiske inngrep verta ein trussel før eller seinare.

Kartavgrensing

Alle nummererte lokalitetar er teikna inn på manuskart som er overletne til fylket, som så har fått dei digitalisert. Ein må oppfatta avgrensingane som omtrentlege og orienterande. I tilfelle planer om nye tiltak eller inngrep må ein alltid foreta synfaring for å få ei meir detaljert avgrensing og prioritering.

NATURGRUNNLAG

Landskap m.m.

Volda kommune ligg i sørlege del av Sunnmøre fogderi i Møre og Romsdal fylke. Arealet (eksklusiv sjøareal) er oppgjeve til 548 km². Kommunen grensar til fem andre kommuner: Eid, Herøy, Ulstein, Vanylven og Ørsta. Spennvidda i naturtypar er stor, frå djup fjord via grunner, holmar, strandberg, jordbrukslandskap, skog, myr og hei til snaufjell med eit svært så alpint preg. Kommunen ligg i et fjordsystem, hovudsakeleg bestående av Dalsfjorden og Voldsfjorden som er forlenga i Austefjorden. Fjellsidene langs fjorden er bratte og går opp til topper på 12-1300 m o.h. To større dalar når ned til fjordane: Stigedalen/Bjørkedalen og Skjåstaddalen. Desse er U-forma dalar med flat dalbotn og bratte dalsider. I store deler av kommunen er det høge fjell og mange kvasse tindar. "Sunnmørsalpene" er et omgrep som også er knytt til Volda kommune.

Tabell 2. Nokre geografiske data for Volda kommune. Kjelder: Statistisk sentralbyrå 2001, Volda kommune.

Parameter	Verdi
Landareal	548 km ²
Del av fylket sitt landareal	3,63 %
Skogareal	173 km ² (totalt, ikkje alt dette er drivverdig skog)
Myrareal	3 km ²
Strandline fastland	132 km
Tal på øyar (samla areal)	9 (1 km ²)
Tal på ferskvatn (samla areal)	564 (totalt 21 km ²)
Areal 0-60 m o.h.	39 km ² (7,1%)
Areal 60-160 m o.h.	46 km ² (8,4%)
Areal 160-300 m o.h.	66 km ² (12,0%)
Areal 300-600 m o.h.	171 km ² (31,2%)
Areal 600-900 m o.h.	157 km ² (28,6%)
Areal 900-1200 m o.h.	60 km ² (11,0%)
Areal 1200-1500 m o.h.	8 km ² (1,5%)

Klima

Tabell 3. Temperaturnormaler for Volda i perioden 1961 - 1990.

Nummer	Sted	h.o.h.	jan	feb	mar	apr	mai	jun	jul	aug	sep	okt	nov	des	år
59660	Volda	25	-0,5	-0,1	2,0	4,4	9,2	12,0	13,3	13,2	9,9	7,3	2,5	0,4	6,1

Tabell 4. Nedbørnormaler for Volda i perioden 1961 - 1990.

Nummer	Sted	h.o.h.	jan	feb	mar	apr	mai	jun	jul	aug	sep	okt	nov	des	år
59660	Volda	25	175	140	150	110	85	95	125	155	265	251	240	234	2025
59670	Ekset i Volda	58	152	124	132	93	69	75	93	117	213	202	194	204	1668

Klimaet i Volda varierer mykje frå ytre til indre strok. Eit typisk trekk ved eit oseanisk klima er at det er liten temperaturforskjell mellom sommar og vinter. I eit slikt klima er vintertemperaturane høge, i vestlege delar av Volda kommune ligg temperaturen rundt 0°C som gjennomsnitt for januar, med nokre kuldegrader som snitt for januar i indre strok og i fjellområda, og kaldast i austlege strok, m.a. Osdalen. Gjennomsnittstemperatur for juli er rundt 13-14°C i dei lågareliggjande fjordstroka. Vidare er det relativt mykje nedbør, med årsnedbør frå rundt 1500 mm i ytre delar av kommunen til godt over 2500 mm i "Sunnmørsalpane" sør for Dalsfjorden og innafør Austefjorden. Desse fjella har det nedbørsrikaste klimaet i Møre og Romsdal, og har meir enn 220 nedbørsdøger årleg, i fjella innafør Dalsfjorden/Langedalen jamvel meir enn 240 nedbørsdøger (dagar med 0,1 mm nedbør eller meir). Kjelder: Nasjonalatlas for Norge (Moen 1998) og <http://retro.met.no/> på Internett.

Geologi

Berggrunnskart i målestokk 1:250.000 finst tilgjengeleg for heile kommunen (Lutro & Tveten 1996, Tveten m.fl. 1998a, 1998b). Mesteparten av kommunen er prega av relativt sure gneis- og granittbergartar, noko som er typisk for Nordvestlandet. Dette er nokså harde bergartar som forvitrar seint og gjev eit sparsamt og litt surt jordsmonn. Dette jordsmonnet får ein vegetasjon av planter som er tilpassa desse litt karrige tilhøva. Utanom grunnfjellbergartane finst yngre glimmerhaldige bergartar (glimmerskifer, glimmergneis), amfibolitt m.m. frå kambrisk tid. Slike bergartar finst i området rundt Mork, og på spreidde stader elles og få stader elles i fjellområda. Kalkkrevande planter er mindre vanlege i Volda, men finst m.a. på desse bergartane. Det er og funne rikmyr og kalkrike område fleire stader der ein ikkje skulle venta det ut frå kartet. Av særleg interesse er likevel førekostane av olivin/serpentin. Desse finst fleire stader i kommunen. Ein har data om m.a. Ullalandsfeltet og dei mange lokalitetane i Bjørkedalen, kor dei sistnemnde er av nasjonal til internasjonal verdi. Desse områda har oftast ein særprega flora og vegetasjon, med einskilde særleg tilpassa artar, som brunburkne og grønburkne, men også mange sjeldne soppar.

Lausmassar

Den viktigaste kjelda om lausmassane i kommunen er kvartærgeologisk kart for Møre og Romsdal i målestokk 1:250 000 (Follestad 1995). Overdekninga av lausmassar varierer sterkt innanfor kommunen. Det er mykje fjell og berg som har eit svært tynt lausmassedekke eller ikkje i det heile. I fjellområda som dekkjer store deler av kommunen, er det og mykje skredmateriale og randmorener etter gamle brear. Lausmassane elles er i stor grad morenemassar frå siste istida, og desse finst over store deler av kommunen. Lausmasse avsett av elvar finst særleg langs Øyraelva og Rotevatnet rundt Volda sentrum og i Skjåstaddalen, elles i noko mindre grad i dei andre dalføra. Restar av større breelavsetningar finst knapt i kommunen. Marine hav- og fjordavsetningar finst særleg rundt Voldafjorden og dels Dalsfjorden, og dessutan ved Førde og Straumshamn. Lausmasseførekostane på og nær strender er påverka av kor utsett stranda er for ver og vind. På eksponerte stader er ofte alle lausmassar vaska vekk slik at ein har berre blanke berget. På meir beskytta stader kan det vera bra med finare sediment, alt frå rullestein til fin sand og leire. Sand og leire finn ein helst på dei mest beskytta strendene. I myrområda har det etter istida danna seg lag med torv, som er restar av plantemateriale som ikkje er fullstendig nedbrote. Slike torvlag finst ei rekkje stader spreidd rundt i kommunen.

Natur- og biogeografisk plassering

Nordisk Ministerråd (1984) deler Skandinavia inn i **naturgeografiske regionar**. Volda høyrer her hovudsakleg til region 37 Vestlandets lauv- og furuskogsregion, underregion 37f, Nordfjord og Sunnmøres fjordstrok. Indre (søraustlege) delar av kommunen tilhøyrer region 35 (Fjellregionen i søndre del av fjellkjeda, underregion 35e Møretindane).

Norge sitt kulturlandskap er inndelt i **landskapsregionar** (sjå http://kart2.skogoglandskap.no/landskap/Fylkeskart/lreg_F15_150dpi.pdf). Volda tilhøyrer i denne samanheng dels region 21 Vestlandets ytre fjordbygder (Berkneset m.m.), dels region 22 Vestlandets midtre fjordbygder (mesteparten av kommunen), og dels region 23 Indre Vestlandsbygder (Austefjorden/Osdalen).

Biogeografi har å gjera med geografisk utbreiing av artar og naturtypar. Viktigaste einskildfaktor er klimaet som varierer både med avstand frå kysten og høgde over havet. Det er også visse skilnader frå sør til nord i fylket. For meir presist å beskriva naturen på staden kan ein oppgje **vegetasjonssone** og **vegetasjonssesjon**.

Vegetasjonssonar beskriv variasjonar i vegetasjonen frå sør til nord, og frå havnivå og opp mot fjellet. Oppdelinga og avgrensinga er knytt til utbreiing av plantesamfunn og planteartar, som igjen i stor grad avspeglar lokalklimaet. Vegetasjonssonar er beskrive av Moen (1998).

Følgjande vegetasjonssonar finst i Møre og Romsdal:

Boreonemoral sone (nordleg edellauvskog- og barskogsone)

Sørboreal sone (sørleg barskogsone)

Mellomboreal sone (midtre barskogsone)

Nordboreal sone (fjellskogsone)

Alpine soner (Låg-, mellom- og høgpin sone)

Vegetasjonen i Volda fordeler seg på alle sonene. Sjølv om det ikkje kjem fram på karta hjå Moen (1998), viser plantefunna at områda frå Alida til Geitvika tilhøyrer den mest varmekjære sonen, boreonemoral sone. Resten av bygdene og jordbruksområda tilhøyrer den sørboreale sonen. Høgareliggjande skogområde tilhøyrer

mellom- og nordboreal sone. Fjellområda over klimatisk skoggrense tilhøyrer den alpine sonen (Moen 1998 s. 94).

Omgrepet **vegetasjonsseksjon** vert bruka for å beskriva variasjonar i plantelivet mellom kyst og innland. Omgrepet oseanisk vert bruka om vegetasjon og artar knytt til kysten, med milde vintrar, liten temperaturskilnad mellom vinter og sommar og fuktig, nedbørrikt klima, medan kontinental vert bruka tilsvarande om vegetasjon og artar knytt til innlandet, med kalde vintrar, stor temperaturskilnad mellom vinter og sommar og tørrare klima. Inndelinga baserer seg på Moen (1998).

Følgjande vegetasjonsseksjonar finst i Møre og Romsdal:

O3. Sterkt oseanisk seksjon: Her er det stort innslag av mosar, planter m.m. knytt til eit fuktig klima med milde vintrar. Nedbørmengda er stor, og talet på dagar med nedbør er høgt. Seksjonen finst i ei stripe ytst på kysten som i vårt fylke er smal på Nordmøre og brei på Søre Sunnmøre. Den vert delt i to underseksjonar:

O3t. Vintermild underseksjon. Her finst ein del frostømfintlege planter, med purpurlyng som viktigaste indikator. Andre er heifrytle, havburkne, blankburkne og vestlandsvikke. Denne underseksjonen finst berre i låglandet på ytterkysten omlag nord til Giske.

O3h. Humid underseksjon. Dette er resten av O3, og manglar dei mest frostømfintlege (termisk oseaniske) artane. Den alpine sonen er artsfattig som følgje av at det vantar ei rekkje fjellplanter m.m. som krev kvile under stabile vintertilhøve (kontinentale eller austlege artar).

O2. Klart oseanisk seksjon: Område med relativt høg årsnedbør, med noko lågare vintertemperaturar enn i O3-seksjonen. Artar og vegetasjon knytt til fuktig klima er også her svært utbreidd. Seksjonen dekkjer store område i ytre og midtre fjordstøk i fylket vårt.

O1. Svakt oseanisk seksjon: Årsnedbør 800-1200 mm. Ei rekkje svakt vestlege artar finst, men dei mest kystbundne vantar eller finst spreidd (t.d. rome). Dekkjer eit relativt smalt område i indre fjordstrøk og dalføra innanfor, frå Geiranger til Trollheimen.

OC. Overgangsseksjon (til kontinentale seksjonar): Årsnedbør på 500-800 mm. Nokre svakt vestlege planter førekjem, innslag av ein del austlege planter og plantesamfunn, mellom anna tørrbakesamfunn. Til denne seksjonen høyre berre nokre mindre område i austlege delar av Sunndal, Rauma og Norddal.

Vestsida av Bjørkedalen og Dalsfjorden tilhøyrer sterkt oseanisk seksjon, humid underseksjon (O3h). Her finn ein m.a. kystheier med ein interessant moseflora. Den øvrige vegetasjonen i Volda tilhøyrer klart oseanisk seksjon (O2).

HOVUDNATURTYPAR

DN (2007 på Internett) opererer med 7 hovudnaturtypar: havstrand/kyst, kulturlandskap, myr, ferskvatn/våtmark, skog, rasmark, berg og kantkratt, og fjell. Innanfor desse er det så skildra 56 prioriterte naturtypar. Dei typane som er viktigast i Volda, vert omtala nedafor.

Havstrand/kyst

Der land og hav møtest finn vi organismar frå begge økosystema. Strendene har ei rekkje særmerkte planteartar som er tilpassa saltpåverknad m.m. Eksposisjon for bølger påverkar substratet slik at ein kan få leir-, silt-, sand-, grus- eller rullesteinstrand. Mange stader finn ein berre strandberg. Vegetasjonen, flora og fauna er i stor grad påverka av desse faktorane. Brakkvatn er ei blanding av ferskt og salt vatn, som oppstår i avsnørte bukter og gruntområde nær elve- og bekkeutløp. Slike område har eit særlege biologisk mangfald. Elveosar dannar ofte grusøyrrer med særlege flora og fauna. Dei viktigaste områda av dette slaget er av Kilspollen ved Straumshamn og utløpet av Førdselva i Austefjorden, med ein mindre førekomst inst i Dalsfjorden.

I strandområda oppstår ofte arealbrukskonfliktar, der ulike utbyggingsføremål kjem i konflikt med ønsket om bevaring av det biologiske mangfaldet. Ei viktig utfordring i Volda vil vera å ta vare på restane av elveosområda ved Førde i Austefjorden, som er av stor verdi.

Kulturlandskap

Funn frå Vestlandet viser at husdyrbruket her har ei historie på rundt 4000-5000 år. Det er grunn til å tru at jordbruket i Volda også er fleire tusen år gammalt på gode stader. Gammalt kulturlandskap er ofte det mest artsrike. Moderne kultureng som vert pløgd, gjødsla og isådd med kjøpte frøvarer vert dei første åra artsfattig. På gammal eng kjem det inn ein god del fleire planter frå naturen rundt, og på svært gamle slåtte- og beitemarker som kanskje har vore lite gjødsla vil artsrikdommen vera stor med ei rekkje spesialtilpassa grasmarksartar av i første rekkje planter og sopp. Den siste typen tilhøyrer det som vanlegvis vert kalla det tradisjonelle kulturlandskapet, som dominerte fram til midtre del av 1900-talet. Dei artane som er mest knytt til lite gjødsla lokalitetar i tradisjonelt kulturlandskap, kallast naturengplanter og beitemarkssopp. Desse artane er truleg opprinneleg tilpassa eit europeisk landskap som vart beita av store ville grasetarar før menneska tok til med jordbruk. Etter kvart har vi menneska dels utrydda, dels temt desse grasetarane, og i dag er det i praksis berre husdyr som skaper denne naturtypen. Slått av lite gjødsla grasmark kan skapa noko liknande, men er i dag mest opphøyr. Hagemark og skogsbeite er tresett landskap med sterkt og tydeleg beitepåverknad. Her har Volda ein godt hevda og viktig lokalitet ved Homborset, som er eit av dei best hevda geitebeita i fylket. Seterlandskapet vert framleis beita ein del stader, og inneheld ein del interessante lokalitetar, sjølv om mykje er surt, vått og artsfattig.

Naturbeitemark og slåtteenger

Mange stader har det ofte danna seg grasdominert vegetasjon som følgje av beiting. I utmark på udyrka eller lett overflatedyrka jord har ein i lang tid, kanskje tusenvis av år sleppt dyra på slikt beite år etter år. I periodar kan det og ha vore drive slått på slike stader. Beitemarker som er lite påverka av jordarbeiding og gjødsling, kallar ein naturbeitemark. Her finn ein ei rekkje engplanter, og da særleg om jorda er kalkrik. Her finn ein også ei rekkje artar av beitemarkssopp. Mange av desse er sterkt truga av at leveområda forsvinn i heile Europa. Anten vert jorda dyrka og drifta intensivert, eller drifta opphøyrer med attgroing som konsekvens. I Volda er det i dag berre mindre areal naturbeitemark som er intakt, mest takka vere utmarksbeiting med sau eller storfe, men mykje har forsvunne. Det vil vera ei stor utfordring å bevare kontinuiteten i denne driftsmåten slik at mangfaldet som lever her vert teke vare på. Særleg interessant er dei beitemarkene som framleis har bestandar av solblom (Dalen, Fremmerlid, Lauvstad og Løndal). Nokre av desse er tidlegare slåtteenger. Tradisjonelle slåtteenger eller naturbeitemarker er i dag uvanlege, og geitebeitet ved Homborset skil seg positivt ut ved artsrikdom og lang kontinuitet i drift. Elles finst ein del middels interessante seterlandskap, men det er stadig færre av desse som vert beita. Kulturhistoria knytt til seterområda i gamle Volda kommune er utførleg skildra av Øye (1980). Denne historia er viktig for å forstå vegetasjon og flora i dag.

Skog

Skog dekkjer store areal (173 km²) i Volda, men drivverdig eller produktiv skog finst på eit mykje mindre areal. Dei mest utbreidde typane i kommunen er fattige furuskogstypar og fattige lauvskogstypar med bjørk, rogn, selje, osp og gråor. Elles finst mykje plantefelt, særleg med gran. I solvarme lier finst mykje hassel, og mange stader også alm. Særleg interessant i Volda er naturlege førekomstar av lind, som er eit av dei sjeldnaste av dei

viltveksande treslaga i fylket (sjeldan ved Toskegjølet, Homborset og i Bjørkedalen). Svartor finst somme stader på solvendte strender og sumpete lier, og reknast mellom dei varmekjære treslaga slik som m.a. alm og hassel. På Berkneset er det også eit naturreservat oppretta grunna førekomstane av svartor. Gråor-heggeskog er ein prioritert naturtype som er særmerkt for m.a. flaummark langs vassdrag, og elles i fuktige lier. Biologisk sett er gammal skog med god tilgang på daud ved i ulike dimensjonar og nedbrytingsgrad interessant. Dette gjeld både furudominert og lauvdominert skog. Her vil ein kunne finna ei rekkje artar av sopp, mosar og lav som er sjeldne eller fråverande i landskapet elles. Slike lokalitetar har ein viktig funksjon som levestad for ei rekkje artar.

Endringar i skoglandskapet skjer først og fremst som følge av skogbruksdrift, men også ulike utbyggingsføremål kan forårsaka endringar. Med større kunnskapar om det biologiske mangfaldet vil det vera lettare å ta omsyn til dette i skogbruksplaner o.l. slik at ikkje viktige lokalitetar vert øydelagde eller forringa i utrengsmål.

Rik edellauskog

Edellauskog er skog med vesentleg innslag av edellausvotre som hassel, alm og svartor, og i Volda dessutan noko ask, eik og lind. Volda er ein av dei kommunane i fylket som har etter måten lite edellauskog. Sommareik og lind er i Møre og Romsdal sjeldne, særlege edellausvotre som berre finst få stader. Alm er varmekrevande og finst mest oppunder bratte hamrar, ofte sør- til vestvendt. I Volda er det funne alm mange stader (særleg den lange skoglia frå Alida i Voldsfjorden og heile strekninga inn i Austefjorden fram til Osdalen). Elles finst det mykje hasselskog i det same området, og svartor i fuktige område i lifoten mot kulturmark fleire stader, m.a. i Alida, på Berkneset og Homborset/Hjarthaugbygda. Svartorlokalitetar er gjerne klassifisert som rikare sumpskog. Det er kjent fleire raudlista sopp i hasselskog, m.a. svartnande kantarell, raudnande labyrintkjuke, sinoberslørsopp, kokskremle og indigoraudskivesopp, i tillegg er dei raudlista planteartane fuglereir og blankstorkenebb funne eit par stader. Hasselskog er dermed eit viktig habitat for raudlisteartar i kommunen.

Olivinfuruskog/kystfuruskog

Av særleg interesse er førekomstane av olivin/serpentin under skoggrensa, der dei frå naturen si side ofte er kledd med furuskog. Dette gjeld spesielt dei store områda i Bjørkedalen, men også Ullalandsfeltet. Olivinområda har oftast ein særprega flora og vegetasjon, med einskilde særleg tilpassa artar som brunburkne (global og nasjonal raudlisteart) og grønburkne. Brunburkne er i Volda funnen mange stader i Bjørkedalen. Olivinfuruskogane har som regel eit stort mangfald av sjeldne og raudlista soppar, og det er funne mange slike særleg i Bjørkedalen. Olivin er ein svært lettforvitreleg og ultrabasisk bergart som er rik på tungmetaller. Jordsmonnet som dannast av forvittra berg har eit høgt innhold av krom, kobolt, jern, magnesium og nikkel, men manglar f.eks. kalsium og molybden. I tillegg vantar viktige massegjødningsstoff som nitrogen, kalium og fosfor. Forvitringa (kjemisk nedbryting grunna solinnstråling og nedbør) tilfører også sporelement av m.a. kobber, titan, arsenikk, sink og bly.

I ein verdssamanheng har Møre og Romsdal dei største førekomstane av denne bergarten, og dermed også det nasjonale og internasjonale forvaltingsansvaret for olivinskogar. Dei viktigaste olivinfuruskogane som er dokumenterte i høve til artsmangfald er i Bjørkedalen og ved Onilsafeltet i Tafjord, Norddal. Mangfaldet av sjeldne eller raudlista soppar knytte til kalkskogar, inkl. olivinfuruskogar, er stort (nyleg dokumentert av Holtan 2006 og Gaarder m.fl. 2007), samstundes som raudlistearten brunburkne ser ut til å ha hovudtyngda i Norddal og Volda.

Gammal lauskog

Fleire stader i Volda finst gammal bjørke- eller ospeskog med ein del innslag av daud ved. Slik skog finst gjerne i litt høgareliggjande og dels avsides område, og er dårleg undersøkt i denne rapporten. Kvitryggspett, gråspett og dvergspett er fugleartar som krev eit visst innslag av gammal lauskog på landskapsnivå, og som indikerer gammal lauskog. Dersom slik skog også ligg nord- til nordaustvendt og fuktig, vil ein kunne få inn ein flora av kravfulle lav- og moseartar knytte til slike miljø.

Myr

Volda ligg i midtre fjordstrok, og har terreng, klima og topografi som høver godt til myrdanning. Det er oppgjeve at Volda skal ha ca. 3 km² myr. Det meste er nedbørsmyr og fattigmyr. Dei største områda ligg i flate og slakt hellande terreng frå låglandet og opp til 4-500 m o.h. Det finst innslag av kystmyr og intakt høgmyr fleire stader. Somme stader er det fragment av rikmyr slik som ved Ullalandsfeltet. Truleg kan det finnast meir rikmyr, men dei er tidkrevande å finna.

Ferskvatn

Dei fleste ferskvatna i Volda ligg i fjellet, og er næringsfattige. I låglandet ligg nokre få tjonner og vatn, som alle er meir eller mindre næringsfattige (oligotrofe), men av og til har interessant flora og fuglefauna. I låglandet er det elles mest lokalitetar med rennande vatn som er aktuelle. Ei elv (Øyraelva) er avgrensa som viktig bekkedrag på grunn av at ho har ein bestand av den raudlista elvemuslingen (V/VU=sårbar både på den nye og den gamle raudlista). Denne arten er særleg utsett for inngrep i form av graving og nedslamming, forureining og algevekst, og vassdragsregulering som gjer at muslingane fell tørre i tørkeperiodar. Vassdrag med elvemusling bør det lagast forvaltningsplaner for (jf. EU sitt vassdirektiv). Eit fjellandskap som det i Volda har fleire fossar, og her finst av og til fossesprøytsoner som og er ein interessant naturtype, særleg for mosar. Bekkekløfter kan og ha innslag av sjeldne oseaniske og fuktkevande moseslag, særleg fordi Volda har eit svært nedbørrikt klima. Dette gjeld fleire vassdrag som er planlagt utbygde, m.a. Botnaelva og truleg Laurdalselva, men også Langedalselva.

Berg, rasmark og kantkratt

Naturtypen oppstår der terrenget er bratt, og det ikkje så lett veks opp skog pga. topografi og raspåverknad. Volda kommune har ein god del fjell, og dermed også ein del berg og rasmark. Den prioriterte naturtypen sørvende berg og rasmarker finst i mosaikk med hasselskog og annan lauvskog i lågareliggjande sør- til vestvendte fjellsider, og som større rasenger, berg og steinur i og opp mot fjellet. Det er ikkje prioritert å få med alle dei lokalitetane som kunne ha vore aktuelle, sidan naturtypen generelt er lite truga. Dessutan finst somme stader olivinknausar utanom skog, og dette er også ein eigen type.

Eit særleg interessant trekk ved Volda er dei høge fjella i kombinasjon med det mest nedbørrike klimaet på Nordvestlandet. Dette er m.a. årsaka til fleire funn av sjeldne og dels raudlista oseaniske moseartar som praktdraugmose og praktvibladmose i kommunen, gjerne nordvendt og i skoggrensenivå. Desse tilhøyrer naturtypen "nordvendte kystberg og blokkmark" med oseaniske artar av mosar og lav.

Fjell

Volda har mykje fjell. Det einaste som skal reknast som prioritert naturtype er kalkrike område i fjellet. Det er ikkje prioritert å leita etter denne typen, sidan han er lite truga. Det som er tatt med, er basert på undersøkingar av andre. Ofte er derfor stadfesting og avgrensing nokså grov og truleg unøyaktig. Få interessante område er kjent, og det er oftast funne få fjellplanter, mellom desse er raudlisteartane issoleie og jøkulstorr, som er merkeplanter på kalkfattig grunn. På grunn av det oseaniske klimaet er ikkje snødekket stabilt om vinteren, og ein del fjellplanter har problem med å overleva i eit slikt klima. Derfor ventar ein heller ikkje at fjellfloraen i Volda skal vera svært rik. Olivinknausar i fjellet høyrer til typen "kalkrike område i fjellet", og kan somme tider ha ein spennande flora med einskilde artar det er lite av elles, t.d. fjelltjæreblom.

LOKALITETAR

38 lokalitetar er skildra i denne rapporten, som er eit supplement til tidlegare kartlegging (Engen & Grimstad i manus, Naturbase). Lokalitetane er ordna etter stigande nummer.

Nedafor er alle lokalitetane lista opp med nummer, delområde, namn og naturtype. Skildringa av kvar lokalitet er standardisert etter ein fast mal. Følgjande forkortingar er nytta: DH=Dag Holtan, JBJ=John Bjarne Jordal, KJG= Karl Johan Grimstad. Informasjon om vegetasjonssone og vegetasjonsseksjon er henta frå Moen (1998). Raudlisteartar er utheva med feite typar. Sjå også kapitlet om raudlisteartar og tabell 7.

Nye lokalitetar

101 Håskoll: Hovdevatnet

UTM:	LP 462 980
Hovudnaturtype:	Ferskvatn/våtmark
Naturtype:	E08 Rik kulturlandskapssjø
Utforming:	E0802 Kalkfattig utforming
Verdi:	B (viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep, forureining
Undersøkt/kjelder:	30.07.1971 (Malme 1972), sept. 2004 (NIVA), Jordal m.fl. (2007), 10.09.2007, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal 27.01.2008 basert på ulike kjelder, m.a. naturtypekartlegginga i Ørsta (Jordal m.fl. 2007). Hovdevatnet er eit i hovudsak oligotroft (næringsfattig) låglandsvatn som ligg i ei "gryte" mellom Håskoll i Volda og Hovdebygda i Ørsta. Det vert registrert som kalkfattig utforming av rik kulturlandskapssjø. Mesteparten av vatnet ligg i Ørsta, men sørvestre hjørnet ligg i Volda. Skildringa vert derfor relativt lik for dei to kommunane. Hovdevatnet er ca. 0,9km² og ligg 73 m o. h. Største djupna er 20m. Berggrunnen i stroket er for ein stor del aureolitt/glimmerskifer. Vatnet er omkrinsa av låge, skogkledde åsar. Det har lite tilsig av ferskvatn. Kring heile vatnet er det stein/grusstrand til dels blanda med dy. Det ligg litt nedsenka i høve til terrenget rundt, og våtmarksbeltet er etter måten smalt. NIVA gjorde målingar i vatnet i samband med Eiksund-sambandet på oppdrag av vasseigarlaget (sept. 2004). Dei fann desse verda: pH: 6,3, konduktivitet: 4,18 mS/m, farge: 7,4 mg Pt/l, totalfosfor: 3µg/l, totalnitrogen: 160 µg/l, kalsium: 2,21 mg/l, magnesium: 0,7 mg/l. Det er ein svak auke i somme av verdiane frå siste registreringa i 1971. Konklusjonen blir at vatnet er næringsfattig (oligotroft) og kalkfattig med god sikt og stabil fotosyntese. NIVA konkluderer med at auken i næringstilførsle er på eit forsvarleg nivå. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

Vegetasjon: Botnvegetasjonen har m.a. botnegras og tjønngras. Kantvegetasjonen har m.a. flaskestorrvegetasjon.

Kulturpåverknad: Det er nokre hytter i Volda sin del av Hovdevatnet, og litt dyrka mark ved Gjøsstøylen. På vestsida av vatnet går det ein fylkesveg (Ytrehovdevegen), og dessutan har i det siste vegen til det nye Eiksundsambandet vorte ferdigstilt her.

Artsfunn: Malme (1972) fann 30.07.1971 m. a. vrangnøkkemose, flaskestorr, elvesnelle, mannasøtgras, mjukt brasmegras, krypsiv, botnegras, tusenblad, tjønnaks, tjønngras, grøftesoleie, evjesoleie og flotgras. J. Kaasa fann gytjeblererot 23.08.1946 (herb. O). Per Gunnar Bø fann i 2005 dessutan nokre fleire artar (mjuksivaks, småblærerot, stivt brasmegras, grastjønna og myrhatt) på Ørstasida. Det er sett augnestikkarar (ubestemte). Sidan kongeaugnestikkar er funne i Hovdeelva (Ørsta, jf. Jordal m.fl. 2007), kan det ikkje utelukkast at han også finst i Volda-delen, t.d. langs elva frå Håskolltjørna.

Prioritering: Det er litt usikkert om Hovdevatnet tilfredsstiller kriteria til rik kulturlandskapssjø i DN-handboka. I handboka opnast det likevel for å setta verdi B på relativt fattige lokalitetar med m.a. botnegras i distrikt utan næringsrike sjøar. Også forekomsten av padder på Ørstasida, og den nære samanhengen med A-lokaliteten Hovdeelva (også i Ørsta jf. Jordal m.fl. 2006) er med på å trekkja verdien opp, slik at ein under tvil har velt å setja verdien til B (viktig) på heile vatnet (i begge kommunane).

Omsyn og skjøtsel: Ein bør så langt råd unngå større fysiske inngrep og forureining i vatnet og i nærområda til vatnet.

102 Håskoll aust for idrettsbanen

UTM:	LP 459 972
Hovudnaturtype:	Myr

Naturtype: A08 Kystmyr
Utforming: A0804 Blanding mellom nedbørsmyr og jordvassmyr
Verdi: B (viktig)
Mulege truslar: Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder: 10.09.2007, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal 27.01.2008 basert på eige feltarbeid 10.09.2007. Lokaliteten er ei nokså flat til svakt hellande og langstrekt myr som ligg nordaustover frå idrettsbanen på Håskoll. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

Vegetasjon: Lokaliteten har ei blanding mellom nedbørsmyr og jordvassmyr. Det er mest ombrotrof tuvemyr med spreidd småfuru, stadvis i mosaikk med fattigmyr med rome, pors og bjørneskjegg. På dei ombrotrofe tuvene var det heigråmose, røsslyng, krekling, furumose og reinlav-arter. Mot idrettsbanen er det og noko flaskestorrrump. Rundt er det delvis furuskog.

Kulturpåverknad: I sør grenser lokaliteten til idrettsplassen. Elles går ei lysløype i kanten av myra, og det er også grøfta i kanten somme stader. Ei kraftleidning kryssar. Tidlegare torvtekt er sannsynleg.

Artsfunn: Av planter kan nemnast heisiv, klokkelyng, kornstorr og kvitmyrak. Det vart og sett augnestikkarar (ubestemte).

Prioritering: Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at det er ei større, velutvikla kystmyr med innslag av nedbørsmyr i sørboreal sone. Viss deler av myra kan tolkast som intakt høgmyr, kan også høgare verdi forsvarast.

Omsyn og skjøtsel: Ein bør unngå fysiske inngrep, særleg slike som påverkar dei hydrologiske tilhøva i myra.

103 Håskoll: Langmyra

UTM: LP 451 970
Hovudnaturtype: Myr
Naturtype: A08 Kystmyr
Utforming: A0804 Blanding mellom nedbørsmyr og jordvassmyr
Verdi: B (viktig)
Mulege truslar: Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder: 10.09.2007, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal 27.01.2008 basert på eige feltarbeid 10.09.2007. Langmyra er ei langstrekt kystmyr som ligg vest-sørvestover frå veggen ved Håskoll. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

Vegetasjon: Lokaliteten har ei blanding mellom nedbørsmyr og jordvassmyr. I nordaust er det mest plan fattigmyr med rome, pors og bjørneskjegg, og nokre små myrpyttar. I sørvest er det i tillegg innslag av ombrotrof tuvemyr med opptil ein meter høge tuver med heigråmose. Rundt er det delvis furuskog.

Kulturpåverknad: Tilsynelatande liten. Det vart observert stikker med uviss funksjon. Tidlegare torvtekt er sannsynleg. I sørvest var det fleire furugaddar i myrkanten, som tyder på liten kulturpåverknad.

Artsfunn: Av planter kan nemnast m.a. hundekvein og klokkelyng. Det vart og observert augestikkarar (ubestemt) og dessutan toppmeis på furu i myrkanten.

Prioritering: Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at det er ei større, velutvikla kystmyr med innslag av nedbørsmyr, som ligg i sørboreal sone.

Omsyn og skjøtsel: Ein bør unngå fysiske inngrep, særleg slike som påverkar dei hydrologiske tilhøva i myra.

104 Volda: Øyraelva

UTM: LP 484 937
Hovudnaturtype: Ferskvatn/våtmark
Naturtype: E06 Viktig bekkedrag
Utforming: -
Verdi: B (viktig)
Mulege truslar: Fysiske inngrep, forureining
Undersøkt/kjelder: 13.09.2007, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal 27.01.2008 basert på opplysningar frå Oddvar Olsen (pers. medd.) og eige feltarbeid 13.09.2007. Lokaliteten er den delen av Øyraelva som ligg mellom riksvegen og

Rotevatnet i Voldabygda. Lokaliteten er avgrensa som viktig bekke drag pga. førekomst av elvemusling. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

Vegetasjon: Elva har kantskog av gråor, dessutan hegg, bjørk, selje, platanlønn, ask og hassel, og her veks dessutan store bregnar og høgstaudar. Fuktige flomlaup hadde litt sumpvegetasjon. I sjølve elva var det lite vegetasjon å sjå.

Kulturpåverknad: Lokaliteten ligg i eit nokså kulturpåverka område med vegar, bustadfelt, idrettsplass, dyrka mark og sterkt kulturpåverka skog. Restaurert kvern og vassrenner. Noko forbygging. Litt søppel. Opparbeidd tursti langs elva. Oppslag av platanlønn, ein framand art i kategori "høg risiko" på den norske svartelista (Gederaas m.fl. 2007). Raudhyll er og ein framand art med sannsynleg risiko for spreiding ut i naturlege økosystem ifølgje svartelista.

Artsfunn: Viktigast er ein sparsam førekomst av elvemusling (raudlisteart, VU=sårbar) i elva på denne strekninga (Oddvar Olsen pers. medd.). Muslingar vart ikkje sett i 2007 pga. høg vassføring ved besøket. Av planter langs elva kan nemnast broddtelg, dikeminneblom, grøftesoleie, hestehov, mannasøtgras, strandrøyr, sumphaukeskjegg og øyrevier.

Prioritering: Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at det er eit elveparti med ein liten bestand av elvemusling, som står som VU på raudlista, og dessutan er ein norsk ansvarsart.

Omsyn og skjøtsel: Ein bør unngå fysiske inngrep, særleg slike som påverkar dei hydrologiske tilhøva eller fører til nedslamming og forureining. Raudhyll og platanlønn bør fjernast.

105 Voldsfjorden: Løvikneset-Greifsnes

UTM:	LP 497 903
Hovudnaturtype:	Skog/Kulturlandskap
Naturtype:	F01 Rik edellauvskog/D05 Hagemark
Utforming:	F0103 Rikt hasselkratt/D0509 Hasselhage (Fordeling i %: 50/50)
Verdi:	A (svært viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep, treslagskifte
Undersøkt/kjelder:	20.08.2007, DH

Områdeskildring

Generelt: Skildringa er skriven av Dag Holtan 15.01.2008 basert på eige feltarbeid 20.08.2007. Lokaliteten ligg i den sørvesteksponerte lia mellom Løvikneset og Greifsneset i Voldsfjorden, og er ein mosaikk mellom rik edellauvskog (rike hasselkratt) og hagemark med hassel. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone (men med boreonemorale trekk) og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon (O3).

Vegetasjon: Heile lokaliteten karakteriserast av ein rik og godt utvikla lågurtvegetasjon eller låg vegetasjon i hagemarksdelen, her med høgt innslag av naturengplantar. Viktigaste treslag er hassel, og hengjebjørk, men rikelige innslag av osp og noko alm, sistnemnde ofte i grove dimensjonar. Somme av almetrea har tidlegare vorte styvd.

Kulturpåverknad: Dei nedre delane er sterkt prega av geitebeite og har derfor karakter av naturbeitemark, utan oppslag av tre.

Artsfunn: Av planter kan nemnast **alm** (NT på raudlista), bergfrue, blåklokke, blåknapp, blårapp, breiflangre, fagerperikum, falkbregne, filtkongsslys, fingerstorr, haremat, hengjeaks, hengjebjørk, hundekveke, hårsvæve, kjertelaugnetraust, kransmynte, kratthumleblom, kystgrisøyre, lundgrønaks, lundrapp, markjordbær, myske, raudknapp, sanikel, skogfaks, skogsalat, skogsvinerot, stankstorkenebb, svartburkne og vårmarihand. Ove Dahl fann **blankstorkenebb** (NT på raudlista) her i 1918, og den kan nok veksa her framleis. Av sopp vart det m.a. funne giftkorallsopp *Ramaria formosa*, grøn vokssopp *Hygrocybe psittacina*, gullkremle *Russula aurea* og rank korallsopp *Ramaria stricta*. Av lav vart det notert lungenever, kystvrenge og vanleg blåfylltav. Av artsfunna er det grunn til å trekke fram falkbregne, som er kjent med om lag 10 funn i Møre og Romsdal, og filtkongsslys, som er svært sjeldan i kyststrøk vestpå. Giftkorallsopp er nasjonalt uvanleg, og dette er det tredje funnet i Møre og Romsdal. I tillegg er gråspett (NT på raudlista) funnen hekkande.

Prioritering: Lokaliteten får verdi A (svært viktig) på grunn av det er ein etter måten stor og artsrik edellauvskogslokalitet og hasselhage med ein del sjeldne og dels varmekjære artar. Potensialet for funn av raudlista eller sjeldne soppar er tillagt ei viss vekt i verdivurderinga.

Omsyn og skjøtsel: Ein bør unngå fysiske inngrep, og naturverdiane vert best ivaretekne dersom ein unngår hogst og treslagskifte i dette området. Beiting på dagens nivå, kor lauvskogsverdiane vert ivaretekne, synest fornuftig.

106 Austefjorden: Geitvika aust

UTM:	LP 604 857
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	F01 Rik edellauvskog

Utforming: F0106 Gråor-almeskog
Verdi: B (viktig)
Mulege truslar: Fysiske inngrep, treslagskifte
Undersøkt/kjelder: 11.09.2007, DH & JBJ (avstandsbetrakta)

Områdeskildring

Generelt: Skildringa er skriven av Dag Holtan 15.01.2008 basert på eige feltarbeid saman med John Bjarne Jordal 11.09.2007. Lokaliteten ligg litt aust for Storvika inst i Austefjorden, og er ein rik edellauvskog av gråor-almeskogstype. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone og sterkt oseeanisk vegetasjonsseksjon (O3).

Vegetasjon: På avstand vart det observert **alm** (NT på raudlista) og hassel.

Kulturpåverknad: Truleg liten.

Artsfunn: Det er ikkje teke planteliste.

Prioritering: Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av det er ein lokalitet med rik edellauvskog.

Omsyn og skjøtsel: Ein bør unngå fysiske inngrep, og naturverdiane vert best ivaretekne dersom ein unngår hogst og treslagskifte i dette området.

107 Austefjorden: Vindsåsen aust for Eidsvatnet

UTM: LP 645 830
Hovudnaturtype: Skog
Naturtype: F01 Rik edellauvskog
Utforming: F0106 Gråor-almeskog
Verdi: B (viktig)
Mulege truslar: Fysiske inngrep, treslagskifte
Undersøkt/kjelder: 11.09.2007, DH & JBJ

Områdeskildring

Generelt: Skildringa er skriven av Dag Holtan 15.01.2008 basert på eige feltarbeid saman med John Bjarne Jordal 11.09.2007. Lokaliteten ligg i ei bratt, vesteksponert li rett aust for Vindsåsen innafør Austefjorden, og er ein rik edellauvskog av gråor-almeskogstype. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone og sterkt oseeanisk vegetasjonsseksjon (O3).

Vegetasjon: Både småbregnevegetasjon, blåbærskog og overgangar mellom desse er vanleg, ofte med en del lågurtar slik at mindre parti viser slektskap med lågurtskog. I den sørlege delen, som er meir skuggefull, er det i hovudsak høgstaude-storbregnevegetasjon. Nedst er det gråordominans. Lenger opp er det bjørke- og hasselskog med innslag av almetre, dessutan selje, platanlønn, rogn og hegg. Noko av hasselskogen hadde lågurtpreg med skogfiol og myske.

Kulturpåverknad: Særleg i nordenden er det eit visst beitepreg, m.a. med oppslag av krattlodnegras og sølvbunke. Her er også platanlønn i sterk spreing. Dette er ein framand art i kategori "høg risiko" på den norske svartelista (Gederaas m.fl. 2007).

Artsfunn: Av planter vart det m.a. notert **alm** (NT på raudlista), bleikstorr, broddtelg, brunrot, enghumbleblom, hengjeaks, krattlodnegras, lundrapp, lækjeveronika, markjordbær, myske, ormetelg, raud jonsokblom, revebjølle, skogbjørnebær, skogfiol, skogsalat, smørteleg, stankstorkenebb, trollurt, turt, tågebær og vivendel. Innslaget av varmekrevande planter var nokså svakt (hengjeaks, lundrapp, myske, skogbjørnebær). På marka var det ein del skuggehusmose i nedre del. Det vart og funne læger med rotevedmosar som fingersaftmose *Riccardia palmata* og larvemose *Nowellia curvifolia*. Av sopp vart det m.a. funne karminslørsopp *Cortinarius anthracinus* (oppført på raudlista av 1999), seig østerssopp *Pleurotus dryinus* og vifterynkesopp *Plicaturopsis crispa*. Somme av almetrea er godt over meteren i diameter. Det vart høyrte grønspekk.

Prioritering: Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av det er ein rik edellauvskog, som og har innslag av grov alm og eit middels rikt artsmangfald elles.

Omsyn og skjøtsel: Ein bør unngå fysiske inngrep, og naturverdiane vert best ivaretekne dersom ein unngår hogst og treslagskifte i dette området. Platanlønn bør fjernast.

108 Botnen: sør for Litledalsvatnet

UTM: LP 480 824
Hovudnaturtype: Skog, Rasmark, berg og kantkratt
Naturtype: F07 Gammel lauvskog (80%)/B04 Nordvende kystberg og blokkmark (20%)
Utforming: F0703 Fuktig kystskog/B0403 Moserik fjellheiotforming
Verdi: B (viktig)
Mulege truslar: Fysiske inngrep, treslagskifte
Undersøkt/kjelder: 13.09.2007, JBJ, Korsmo & Svalastog (1997)

Områdeskildring

Generelt: Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal 27.01.2008 basert på eige feltarbeid 13.09.2007. Lokaliteten ligg sør for Litledalsvatnet og Botnavika like nord for Bjørkedalen, og er ein gammal lauvskog med innslag av nordvendte kystberg og blokkmark. I sør grensar han til ein gammal furuskog (BN00022187 Sulvassdalen) registrert i 2002. Lokaliteten er ein mindre del av eit barskogsområde som er skildra av Korsmo & Svalastog (1997, undersøkt 22.08.1990), som også omfattar BN00022187 Sulvassdalen. Andre deler av dette området er ikkje undersøkt i 2007. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone og i overgangen mellom sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h) og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

Vegetasjon: Storbregneskog, blåtopp- og blåbærvegetasjon, litt høgstaudeskog. Dominerande treslag var bjørk, elles noko rogn og furu.

Kulturpåverknad: Relativt liten i seinare tid. Truleg beita tidlegare, men lite no.

Artsfunn: Av planter kan nemnast blåknapp, dvergjamne, enghumleblom, fjellmarikåpe, fjellsyre, grønstorr, heistorr, kranskonvall, kvitsoleie, skogfiol, storfrytle, sumpaukeskjegg, trollurt, turt, tågebær og vendelrot. Av lav vart det notert brun korallav, gammelgranlav, glattvrenge, kystfiltlav, kystgrønnever, lungenever, skrubbenever og vanleg blåfiltlav. Av mosar vart det funne m.a. heimose *Anastrepta orcadensis*, skortejuvmose *Anoetangium aestivum*, eplekulemose *Bartramia pomiformis*, storstylte *Bazzania trilobata*, vengemose *Douinia ovata*, dronningmose *Hookeria lucens*, skuggehusmose *Hylocomiastrum umbratum*, grannkrekmose *Lepidozia pearsonii*, kysttornemose *Mnium hornum*, raudmuslingmose *Mylia taylorii*, prakthinnemose *Plagiochila asplenoides*, kystjammemose *Plagiothecium undulatum*, sveltsaftmose *Riccardia latifrons*, prakttvibladmose *Scapania ornithopodioides*, sagttvibladmose *Scapania umbrosa*, spriketormose *Sphagnum squarrosum* og firtannmose *Tetraphis pellucida*. Fleire av desse er interessante, kravfulle oseaniske artar. Mest interessant var funnet av prakttvibladmose (LP 4806 8245, ca. 310 m o.h.).

Prioritering: Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at det er ei middels velutvikla førekomst av gammal kystbjørkeskog med nordvendte kystberg og blokkmark, og med fleire kravfulle artar, sjølv om mange av dei er meir knytt til det fuktige, oseaniske klimaet enn til skogen sin alder. Den mykje større furuskogslokaliteten til Korsmo & Svalastog (1997) vart klassifisert som "lokalt verneverdig supplementsområde" (*) i samband med verneplan for barskog.

Omsyn og skjøtsel: Ein bør unngå fysiske inngrep, og naturverdiane vert best ivaretekne dersom ein unngår hogst og treslagskifte i dette området.

109 Bjørkedalen: Mjeltevika

UTM:	LP 457 840
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	D01 Slåttemark
Utforming:	D0104 Frisk fattigeng
Verdi:	B (viktig)
Mulege truslar:	Opphøyr av slått/beite, attgroing, fysiske inngrep, gjødsling
Undersøkt/kjelder:	19.09.2006, JBJ (jf. Jordal 2006)

Områdeskildring

Generelt: Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal 27.01.2008 basert på eige feltarbeid 19.09.2006. Lokaliteten ligg på det nordlegaste av dei to bruka i Mjeltevika, og er ei lita slåttemark. Bruka har mindre flekker med natureng, som delvis er i god hevd og delvis er i byrjande attgroing. Det sørlegaste bruket gror no att (Johan Mjeltevik pers. medd.). Det vart slått siste gong i 2005, det førekjem heller ikkje streifbeiting av sau lenger. Ved det sørlegaste bruket har Melby & Gaarder (2001) kartlagt ei slåtteeing som no gror att (BN00022185, observert på avstand 2006). Det som her er avgrensa er eit mindre område ovanfor husa på det nordligste bruket. Denne slåtteeinga er fremdeles i hevd med slått (av Åsmund Kyrkjeeide, han bur ikkje på plassen, Johan Mjeltevik pers. medd.). Området ligg i sørboreal vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

Vegetasjon: Vegetasjonen er dominert av frisk fattigeng (G04b, jordnøttutforming) med ulike kystbundne artar som jordnøtt, kystgrisøyre, kystmaure og tusenfryd. Vegetasjonstypen er rekna som sterkt truga (Fremstad & Moen 2001).

Kulturpåverknad: Lokaliteten vert framleis slått, truleg utan gjødsling. Det har truleg vore litt gjødsla tidlegare.

Artsfunn: Av planter kan nemnast blåklokke, blåknapp, blåkoll, hårsvæve, jonsokkoll, jordnøtt, kvitbladtistel, kystgrisøyre, kystmaure, lækjeversonika, smalkjempe, stormaure og tusenfryd. Dei fleste av desse er rosettplanter som trivst i slåtteeinger.

Prioritering: Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at det er ei mindre, middels artsrik slåtteeing, kanskje litt gjødselpåverka, men som framleis er i god hevd, noko som er svært uvanleg i dag. Lokaliteten er liten, men det kan og argumenterast for høgre verdi sidan han er intakt og har ein sterkt truga vegetasjonstype. Det er eit visst potensiale for raudlista beitemarkssopp.

Omsyn og skjøtsel: Det er ønskeleg med framhald i slåtten, evt. kan lokaliteten beitast. Ein bør unngå gjødsling og fysiske inngrep.

110 Bjørkedalen: Medvatnet: Svartevika

UTM: LP 456 811
Hovudnaturtype: Rasmark, berg og kantkratt
Naturtype: B04 Nordvendte kystberg og blokkmark
Utforming: B0402 Sørleg, oseanisk utforming
Verdi: C (lokalt viktig)
Mulege truslar: Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder: 13.09.2007, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal 28.01.2008 basert på eige feltarbeid 13.09.2007. Lokaliteten består av nordvende, skogkledde bergskrentar (naturtypen nordvendte kystberg og blokkmark) som ligg i overkant av riksvegen ved austsida av Medvatnet i Bjørkedalen. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

Vegetasjon: Vegetasjonen er dominert av høgstaudar og store bregnar, og tresjiktet har forutan bjørk også hassel, rogn, selje og hegg. Tresettinga er likevel noko glissen, og berg dominerer i lokaliteten.

Kulturpåverknad: Riksveg i nedkant. Ei kraftleidning går gjennom lokaliteten, og det er rydda noko skog i leidningstraséen.

Artsfunn: Av mosar vart det funne m.a. skortejuvmose *Anoetangium aestivum*, småstylte *Bazzania tricrenata*, gullhårrose *Breutelia chrysocoma*, pelssåtemose *Campylopus atrovirens*, vengemose *Douinia ovata*, skuggehusmose *Hylocomiastrum umbratum*, kysttornemose *Mnium hornum* og rustmose *Tetralophozia setiformis*. Fleire av desse er typisk oseaniske, fuktrevande og frostvare artar. Av planter kan nemnast blåklokke, blåknapp, blårapp, broddtelg, kranskonvall, krattlodnegras, kvitsoleie, kystmaure, markjordbær, rosenrot, storfrytle, strandrøyr, sumphaukeskjegg og trollurt. Det vart og notert lungenever, og høyrte spettmeis og gjerdesmett.

Prioritering: Lokaliteten får verdi C (lokalt viktig) på grunn av at det er usikkert om dette kan kallast ein velutvikla forekomst av nordvendte kystberg og blokkmark.

Omsyn og skjøtsel: Ein bør unngå fysiske inngrep og innplantning av barskog inntil bergveggen.

111 Bjørkedalen: Tjørnanakken nord

UTM: LP 470 790
Hovudnaturtype: Skog
Naturtype: F03 Kalkskog
Utforming: F0305 Serpentinfuruskog
Verdi: A (svært viktig)
Mulege truslar: Fysiske inngrep, treslagskifte
Undersøkt/kjelder: 20.08 + 25.08 + 30.08.2007, DH (+ Perry Larsen 25.08); Bjørlykke (1938), Bjørndalen & Brandrud (1989), Holtan (2006), Korsmo & Svalastog (1997), Røsberg (1975)

Områdeskildring

Generelt: Skildringa er skriven av Dag Holtan 15.01.2008 basert på eige feltarbeid i august 2007 og på eigne, tidlegare undersøkingar samt somme av lilleraturkjeldene. Lokaliteten er dessutan undersøkt av Bjørlykke (1938), Røsberg (1975) og Bjørndalen & Brandrud (1989). Lokaliteten ligg på austsida av Bjørkedalsvatnet og er ein olivinfuruskog. Avgrensinga av olivinfuruskogane i dette området er endra i høve til Naturbase (pr. 2007). Den store lokaliteten BN00022196 Tjørnanakkane er erstatta av to nye lokalitetar: Tjørnanakken sør og Tjørnanakken nord. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

Vegetasjon: Blåbærskog er viktigaste type, med innslag av røsslyngskog og dessutan lågurtskog i brattare, soleksponerte parti. Viktigaste treslag er furu, elles førekjem både bjørk, hassel, gråor og rogn.

Kulturpåverknad: Delar av lokaliteten er uthogd og har skogsbilveg. Dette gjeld særleg den rike lågurtskogen i den sørlege delen av området. Eit særtrekk ved furuskogane i Bjørkedalen er elles gode førekomstar av store, søyleforma einer, noko som peikar attende på tidlegare skogsbeite.

Artsfunn: Av planter kan nemnast berggrøyrkvein, blankburkne, blåklokke, blåknapp, breiflangre, **brunburkne** (NT på raudlista), enghumbleblom, engsmelle, fagerperikum, fjellarve, fjelltjæreblom, furuvintergrøn, grov nattfiol, grønburkne, hengjeaks, kattefot, klokkevintergrøn, kornstorr, kystmyrklegg, liljekonvall, lundrapp, markjordbær, skogfiol, skogmarihand, småsmelle, storblåfjør, svartburkne, tågebær og vårmarihand. Av sopp

vart det m.a. funne blåbærslørsopp *Cortinarius riederi*, furukremle *Russula cessans*, **glattstorpigg** *Sarcodon leucopus* (NT på raudlista), greina sotgråhatt *Lyophyllum fumosum*, **gul furuvokssopp** *Hygrophorus gliocyclus* (NT på raudlista), gul trompetsopp *Craterellus lutescens*, gullkremle *Russula aurea*, kjempemusserong *Tricholoma colossus*, ringlaus smørsopp *Suillus granulatus*, **rosafotkremle** *Russula roseipes* (NT på raudlista), **rosaskiveslørsopp** *Cortinarius barbarorum* (NT på raudlista), *Russula torulosa*, *Sarcodon squamosus*, skarp rustbrunpigg *Hydnellum peckii*, skarp røykkremle *Russula acrifolia*, **slank bananslørsopp** *Cortinarius mussivus* (NT på raudlista), sotvokssopp *Hygrophorus camarophyllus*, sumpkusopp *Suillus flavidus*, **svartsølvpigg** *Phellodon niger* (NT på raudlista) og svovelslørsopp *Cortinarius sulfurinus*. Kommenterar til artsfunn: Brunburkna er den einaste kjende arten av karplantar som utelukkande veks på olivin/serpentin. Planten er ikkje talrik. Blåbærslørsopp og *Russula torulosa* er to kalkskogsartar som med funna begge vart nye for Vestlandet. Glattstorpigg er svært talrik, og har her den tettaste førekomsten ein kjenner til. Noreg har dessutan eit klart forvaltningsansvar for denne arten i eit internasjonalt perspektiv (sjå Holtan & Gaarder 2006). *Prioritering*: Lokaliteten får verdi A (svært viktig) på grunn av at det er ein kalkskog på Vestlandet. Det er dessutan ein stor og rimelig intakt lokalitet med ein sterkt truga naturtype. Mange raudlisteartar tel også ved vurderinga, pluss at her framleis er potensial for å finne fleire sjeldne eller raudlista artar av særleg sopp, også i høgare kategori. Lokaliteten er samstundes den best utvikla, den artsrikaste og den viktigaste av dei vestlege olivinfuruskogane i Noreg (Holtan 2006). Korsmo & Svalastog (1997) gjorde framlegg om vern, men området fall ut av verneplanane seinare. Brunburkne, som og står på den globale raudlista, har viktige bestandar her. *Omsyn og skjøtsel*: Ein bør unngå fysiske inngrep, og naturverdiane vert best ivaretekne dersom ein unngår vegbygging, hogst og treslagskifte i dette området.

112 Bjørkedalen: Tjørnanakken sør

UTM:	LP 480 780
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	F03 Kalkskog
Utforming:	F0305 Serpentinfuruskog
Verdi:	A (svært viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep, treslagskifte
Undersøkt/kjelder:	30.08.2007, DH; Bjørlykke (1938), Bjørndalen & Brandrud (1989), Holtan (2006), Korsmo & Svalastog (1997), Røsberg (1975)

Områdeskildring

Generelt: Skildringa er skriven av Dag Holtan 15.01.2008 basert på eige feltarbeid 30.08.2007 og på eigne, tidlegare undersøkingar. Lokaliteten er dessutan undersøkt av Bjørlykke (1938), Røsberg (1975) og Bjørndalen & Brandrud (1989). Lokaliteten ligg på austsida av Bjørkedalsvatnet og er ein olivinfuruskog. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

Vegetasjon: Viktigaste typar er blåbærskog og røsslyngskog, men innslag av lågurtskog på sørsida av lokaliteten (kor det er innslag av lauvtre). Viktigaste treslag er furu, elles førekjem bjørk, hassel, gråor og osp.

Kulturpåverknad: Spor etter tidlegare plukkhogst, dessutan grensar lokaliteten til eit meir skogbrukspåverka areal i nordenden. Samstundes er det eit stort innslag av gamle søyleeiner, som vitnar om tidlegare skogsbeite.

Artsfunn: Av planter kan nemnast blankburkne, blåklokke, blåknapp, breiflangre, **brunburkne** (NT på raudlista), enghumleblom, fagerperikum, fjellarve, grønburkne, hengjeaks, klokkevintergrøn, kornstorr, kystmyrklegg, liljekonvall, markjordbær, skogsnelle, skogfiol, skogmarihand, småsmelle, storblåfjør, svartburkne, tågebær. Av sopp vart det m.a. funne **glattstorpigg** *Sarcodon leucopus* (NT på raudlista), **gul furuvokssopp** *Hygrophorus gliocyclus* (NT på raudlista), gul trompetsopp *Craterellus lutescens*, orerørsopp *Gyrodon lividus* og **rosafotkremle** *Russula roseipes* (NT på raudlista). I tillegg er **kvitryggspett** (NT på raudlista) funnen hekkande.

Prioritering: Lokaliteten får verdi A (svært viktig) på grunn av det er ein kalkskog på Vestlandet. Det er dessutan ein stor og intakt lokalitet med olivinfuruskog, som er ein sterkt og akutt truga naturtype. Potensialet for funn av somme raudlista eller sjeldne soppar vurderast som noko mindre enn i den tilgrensande lokaliteten (Tjørnanakken nord), grunna eit svært avgrensa areal lågurtskog. Brunburkne, som og står på den globale raudlista, har viktige bestandar her.

Omsyn og skjøtsel: Ein bør unngå fysiske inngrep, og naturverdiane vert best ivaretekne dersom ein unngår vegbygging, hogst og treslagskifte i dette området.

113 Bjørkedalen: Laurdalselva

UTM:	LP 443 786
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	F03 kalkskog, F09 bekkekløft og bergvegg

Utforming:	F0305 Serpentinfuruskog/F0901 bekkekløft/F0902 bergvegg (fordeling i %: 20/70/10)
Verdi:	A (svært viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep, kraftutbygging
Undersøkt/kjelder:	30.08.2007, DH; Folkestad (2007), Røsberg (1975)

Områdeskildring

Generelt: Skildringa er skriven av Dag Holtan 15.01.2008 basert på eige feltarbeid 30.08.2007. Lokaliteten er dessutan undersøkt av Røsberg (1975) og Folkestad (2007). Lokaliteten ligg på vestsida av Bjørkedalsvatnet, og vassdraget drenerar ned mot Vonheim. Det er ei bekkekløft med olivin, omkransa av olivinfuruskog. Deler av lokaliteten er eit elvejuv med bratte berg, fossar og stryk, og med olivinblokker i elveløpet. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

Vegetasjon: Blåbærskog og småbregneskog er vanlegast eit stykke frå sjølve elvestrengen. Langs elva er det oppslag av høgstaudar og storbregnar. Viktigaste treslag er furu, elles førekjem både bjørk, hassel og osp.

Kulturpåverknad: Kan hende spor etter tidlegare plukkhogst. Det er planer om kraftutbygging.

Artsfunn: Av planter registrerte av DH kan nemnast blåknapp, enghumbleblom, grønburkne, hassel, hengjeaks, klokkevintergrøn, liljekonvall, skogfiol, smørtelg og storfrytle. I tillegg har Folkestad (2007) ei lang artsliste av karplanter i samband med søknad om småkraftverk, tatt opp langs Laurdalselva. Han nemner i tillegg til dei ovanfor m.a. blankburkne, fjellarve, fjellsyre, fjelltjæreblom, trollbær, nyresoleie, gulsildre, gulstorr, olavsstake, lækjevintergrøn, svarttopp, fjelltistel, turt, myskegras og korallrot. Av lav (DH) kan nemnast **skorpefjiltlav** (LP 443 786, VU på raudlista) på ei gammal osp. Det vart også funne hakkemerke på tre som kan vere laga av raudlistearten **kvitryggspett** (NT på raudlista). Elva er dessutan leve- og hekkeområde for nasjonalfuglen vår, fossefall, og leveområde for **oter** (VU på raudlista).

Prioritering: Lokaliteten får verdi A (svært viktig) dels på grunn av at det er ein kalkskog på Vestlandet, dels fordi det er ei intakt og representativ bekkekløft, den einaste vi kjenner til av nokon storleik som i sin heilskap drenerar gjennom olivinberggrunn. Det er og funne ein kravfull, raudlista lav. Det er truleg potensiale for fleire raudlistearter. Mosefloraen er ikkje undersøkt, og det er derfor uvisst kva verdiar som er knytte til bergveggar og læger langs elvestrengen.

Omsyn og skjøtsel: Ein bør unngå fysiske inngrep, og naturverdiane vert best ivaretekne dersom ein unngår hogst og treslagskifte i dette området. Det er sterkt ønskjeleg at mose- og lavfloraen vert betre undersøkt. Først da kan ein seia noko meir konkret om evt. skadepåverknader som følgje av reduksjon i vassføringa.

114 Bjørkedalen: Kjellstad

UTM:	LP 443 781
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	F03 Kalkskog
Utforming:	F0305 Serpentinfuruskog
Verdi:	A (svært viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep, treslagskifte
Undersøkt/kjelder:	12.09.2007, DH & JBJ; Bjørlykke (1938), Røsberg (1975)

Områdeskildring

Generelt: Skildringa er skriven av Dag Holtan 15.01.2008 basert på eige feltarbeid saman med John Bjarne Jordal 12.09.2007. Lokaliteten er dessutan undersøkt av Bjørlykke (1938) og Røsberg (1975). Lokaliteten ligg på vestsida av Bjørkedalsvatnet, rett ovanfor Kjellstad, og er ein austvendt olivinfuruskog. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

Vegetasjon: Blåbærskog er viktigaste type, med noko røsslyngskog i meir brattlendte parti. Viktigaste treslag er furu, elles førekjem bjørk, hassel og rogn.

Kulturpåverknad: Spor etter tidlegare plukkhogst. Elles ein del grov søyleforma einer som er vitne om tidlegare skogsbeite. Det vart funne fleire furulæger.

Artsfunn: Av planter kan nemnast geittelg, grønburkne, liljekonvall, markjordbær, skogfiol, smørtelg, storfrytle og tågebær. I tillegg nemner Røsberg (1975) dvergjamne, hengjeaks og skogmarihand. Av mosar vart det funne m.a. ryemose *Antitrichia curtipendula*, piskskjeggmosen *Barbilophozia attenuata*, vengemose *Douinia ovata*, grannkrekmosen *Lepidozia pearsonii*, raudmuslingmosen *Myliia taylorii*, larvemose *Nowellia curvifolia* og sagtvibladmose *Scapania umbrosa*. Fleire av desse er ganske kravfulle oseaniske artar. Av lav er det notert fausknål på ein høgstube av furu, **gubbeskjegg** (NT på raudlista) på furu og vanleg blåfjiltlav på hassel. Det vart og sett merke etter hakkespettar, truleg etter kvitryggspett (NT på raudlista).

Prioritering: Lokaliteten får verdi A (svært viktig) på grunn av at det er ein kalkskog på Vestlandet. Dessutan er det ein stor og intakt lokalitet med ein sterkt truga naturtype.

Omsyn og skjøtsel: Ein bør unngå fysiske inngrep, og naturverdiane vert best ivaretekne dersom ein unngår hogst og treslagskifte i dette området.

115 Bjørkedalen: Koppen

UTM:	LP 443 754
Hovudnaturtype:	Rasmark, berg og kantkratt
Naturtype:	B04 Nordvendte kystberg og blokkmark
Utforming:	B0403 Moserik fjellheiotforming
Verdi:	A (svært viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	12.09.2007, DH & JBJ

Områdeskildring

Generelt: Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal 28.01.2008 basert på eige feltarbeid saman med Dag Holtan 12.09.2007. Lokaliteten består av nordvende bergknausar (naturtypen nordvendte kystberg og blokkmark) med spreidd vegetasjon som ligg ved Koppen i Langedalen sør for Bjørkedalen, langs gamlevegen frå Bjørkedalen til Nordfjordeid. Området ligg i overgangen mellom boreale og alpine vegetasjonssoner, som her er noko dårleg avgrensa, og dessutan i sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

Vegetasjon: I bergskrentane er det spreidd vegetasjon av blåtopp, lynghei, fattigmyr og spreidde bjørketre.

Kulturpåverknad: Lite påverka i dag.

Artsfunn: Mest interessant var funnet av den raudlista og oseaniske mosearten **prakttraugmose** *Anastrophyllum donnianum* (VU) (posisjon LP 4437 7548 og LP 4438 7544). Dette er andre funnet i fylket, og det nest nordlegaste. Nordgrensa for prakttraugmose er i Ørsta (Jordal m.fl. 2007). Andre (stort sett oseaniske) mosar var m.a. småstylte *Bazzania tricrenata*, fleinljåmose *Dicranodontium denudatum*, stripefoldmose *Diplophyllum albicans*, grannkrekemose *Lepidozia pearsonii*, kystornemose *Mnium hornum*, raudmuslingmose *Mylia taylorii*, kystjammemose *Plagiothecium undulatum*, prakttvibladmose *Scapania ornithopodioides* (posisjon LP 4437 7548) og spriketormose *Sphagnum squarrosum*. Av planter kan nemnast dvergjamne, geittelg, kornstorr, rypebær, stivstorr, stjernesildre og trillingsiv. Den vesle, gule kantarellnavlesoppen vart også funnen. Dette viser altså eit visst innslag av alpine artar.

Prioritering: Lokaliteten får verdi A (svært viktig) på grunn av at det er ein større, velutvikla lokalitet av typen nordvendte kystberg og blokkmark, med gode bestandar av den sjeldne og raudlista prakttraugmosen, og dessutan generelt godt utval av andre oseaniske moseartar.

Omsyn og skjøtsel: Ein bør unngå fysiske inngrep, og ein bør unngå innplanting av bartreslag i området.

116 Bjørkedalen: Langedalen, nordsida av Vasslidhaugen

UTM:	LP 442 754
Hovudnaturtype:	Rasmark, berg og kantkratt
Naturtype:	B04 Nordvendte kystberg og blokkmark
Utforming:	B0403 Moserik fjellheiotforming
Verdi:	B (viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	12.09.2007, DH & JBJ

Områdeskildring

Generelt: Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal 28.01.2008 basert på eige feltarbeid saman med Dag Holtan 12.09.2007. Lokaliteten ligg i Langedalen sør for Bjørkedalen, og består av nordvendte knausar og berg (naturtypen nordvendte kystberg og blokkmark) på nordsida av Vasslidhaugen. Området ligg i overgangen mellom boreale og alpine vegetasjonssoner, som her er noko dårleg avgrensa, og dessutan i sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

Vegetasjon: Langs bergskrentane er det vegetasjon av blåtopp, lynghei, fattigmyr og spreidde bjørkebusker.

Kulturpåverknad: Lite påverka i dag. Truleg ein del beita av sau, i alle fall tidlegare.

Artsfunn: Mest interessant var funn av den oseaniske og kravfulle mosearten prakttvibladmose *Scapania ornithopodioides* (posisjon LP 4429 7544). Av mosar elles vart det funne m.a. heimose *Anastrepta orcadensis*, småstylte *Bazzania tricrenata*, stripefoldmose *Diplophyllum albicans*, skuggehusmose *Hylocomiastrum umbratum*, grannkrekemose *Lepidozia pearsonii*, mattehutremose *Marsupella emarginata*, kystornemose *Mnium hornum*, raudmuslingmose *Mylia taylorii* og spriketormose *Sphagnum squarrosum*. Fleire av desse er oseaniske. Av planter kan nemnast dvergjamne, klokkeling, kornstorr, smørtelg og trillingsiv.

Prioritering: Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at det er ei velutvikla førekomst av nordvendte kystberg og blokkmark, med fleire kravfulle artar, særleg prakttvibladmose.

Omsyn og skjøtsel: Ein bør unngå fysiske inngrep og innplanting av barte i lokaliteten.

117 Bjørkedalen: Langedalselva

UTM:	LP 438 756
Hovudnaturtype:	Ferskvatn/våtmark
Naturtype:	E05 Fossesprøytoner
Utforming:	E0501 Moserik utforming
Verdi:	B (viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep, kraftutbygging, skogplanting langs kantane
Undersøkt/kjelder:	12.09.2007, DH & JBJ

Områdeskildring

Generelt: Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal 28.01.2008 basert på eige feltarbeid saman med Dag Holtan 12.09.2007. Lokaliteten ligg i Langedalen sør for Bjørkedalen, og består av ei bekkeløft med fossesprøytoner langs Langedalselva. Området ligg i overgangen mellom boreale og alpine vegetasjonssoner, som her er noko dårleg avgrensa og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

Vegetasjon: I bergskrentane langs elva er det vegetasjon av blåtopp, blåbærlyng, fattigmyr og spreidde bjørkebusker. I bergsprekker var det m.a. fjellplanter som fjellsyre og rosenrot. Lengst nede er det noko meir lauvskog dominert av bjørk langs elva, med innslag av rogn, gråor og einer.

Kulturpåverknad: Lite påverka i dag. Truleg ein del beita av sau, iallefall tidlegare. Granplantingar langs elva i nedre del (utanfor avgrensa område).

Artsfunn: Mest interessant var funnet av prakttvibladmose *Scapania ornithopodioides*, dette er stort sett ein sjeldan, kravfull, oseanisk art (posisjon LP 4384 7566). Av mosar elles vart det funne m.a. småstylte *Bazzania tricenata*, piggrådsmose *Blepharostoma trichophyllum* og raudmuslingmose *Mylia taylorii*. Av planter kan nemnast blåklokke, blåknapp, dvergjamne, fjellmarikåpe, fjellsyre, fjelltistel, kvitbladtistel, liljekonvall, rosenrot, skogmarihand, stjernesildre, storfrytle, svarttopp og tågebær.

Prioritering: Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at han har ein velutvikla førekomst av fossesprøytoner, med fleire kravfulle artar, da særleg den kravfulle prakttvibladmosen.

Omsyn og skjøtsel: Ein bør unngå fysiske inngrep, utbygging (påverkar fukttilhøva langs vassdraget) og innplantning av barskog inntil elva.

118 Dalsfjorden: Innselset

UTM:	LP 363 847
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	F01 Rik edellauvskog
Utforming:	F0103 Rikt hasselkratt
Verdi:	B (viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep, treslagskifte
Undersøkt/kjelder:	31.08.2007, DH

Områdeskildring

Generelt: Skildringa er skriven av Dag Holtan 15.01.2008 basert på eige feltarbeid 31.08.2007. Lokaliteten ligg på vestsida av Dalsfjorden, rett sør for Inselset og er eksponert mot aust. Det er ein relativt svakt utvikla rik edellauvskog, m.a. med hasselskog. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon (O3).

Vegetasjon: Mest vanleg er høgstaude-storbregnevegetasjon, men med innslag av småbregneskog. Viktigaste treslag er bjørk, elles førekjem hassel, gråor, osp, rogn og selje.

Kulturpåverknad: Store felt med særleg krattlodnegras og sølvbunke vitnar om tidlegare beite. Dessutan deler vegen området i nedkant. Her er også rasoverbygg.

Artsfunn: Av planter kan nemnast **alm** (NT på raudlista), broddtelg, enghumbleblom, geittelg, hassel, krattlodnegras, markjordbær, myske, ormetelg, raud jonsokblom, sauetelg, skogfiol, storfrytle og trollurt. **Kvitryggspett** (NT på raudlista) er funnen hekkande tidlegare.

Prioritering: Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av det er ein lokalitet med rik edellauvskog, som og har innslag av gamle og dels rike hasselkratt med alm.

Omsyn og skjøtsel: Ein bør unngå fysiske inngrep, og naturverdiane vert best ivaretekne dersom ein unngår hogst og treslagskifte i dette området.

119 Lauvstad: Ulvestadsetra

UTM:	LP 375 946
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	D04 Naturbeitemark

Utforming: D0401 Fuktig fattigeng
Verdi: C (lokalt viktig)
Mulege truslar: Fysiske inngrep, opphør av beite, attgroing
Undersøkt/kjelder: 19.09.2006, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal 28.01.2008 basert på eige feltarbeid 19.09.2006. Lokaliteten ligg i Ulvestaddalen ved Lauvstad, og er dels naturbeitemark, dels lynghei. Området ligg i overgangen mellom boreale og alpine vegetasjonssonar, som her er noko dårleg avgrensa, og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h). Lokaliteten er relativt uklårt avgrensa mot omkringliggjande lynghei.

Vegetasjon: Lynghei, myr og noko fuktig fattigeng rundt setrene.

Kulturpåverknad: Seterområde med eldre hus og nokre nyare hytter. Veg mest heilt fram.

Artsfunn: Av planter kan nemnast beitesvæve, blåkoll, heisiv, heistorr, kornstorr, krattlodnegras og kystmaure. Av sopp vart det m.a. funne gjødselringsopp *Panaeolus semiovatus* og svartlodnetunge *Trichoglossum hirsutum*. Sistnemnde er ein beitemarkssopp som også kan veksa ganske fuktig, m.a. i beita myr.

Prioritering: Lokaliteten får verdi C (lokalt viktig) på grunn av det er ei mindre, mosaikkprega og relativt artsfattig naturbeitemark som kanskje ikkje tilfredsstillar kriteria til B.

Omsyn og skjøtsel: Det er ønskjeleg med framhald i beitinga. Ein bør unngå fysiske inngrep.

Lokalitetar med suppleringar og endringar

Nedafør følgjer ein tabell med informasjon om alle tidlegare undersøkte og avgrensa naturtypelokalitetar i Naturbase, med informasjon om endringar i samband med suppleringsarbeidet. Deretter følgjer skildringar av dei oppsøkte lokalitetane ordna etter stigande Naturbase-nummer.

Tabell 5. Oversikt over alle tidlegare undersøkte lokalitetar i Naturbase frå Volda (pr. 2007), med informasjon om endringar i samband med suppleringsarbeidet. Lokalitetane er ordna etter stigande Naturbase-nummer. Lokal-ID er lokalitetsnummer i dei opprinnelege datasetta (Engen & Grimstad i manus, NGU og Jordal 2006). IID er Naturbasenummer. V er verdi. Dato er tidspunkt for siste feltsjekk ifølgje Naturbase (før evt. nytt besøk i 2007). Endringskolonna inneheld informasjon om endring/supplering i denne rapporten.

Lokal-ID	IID	Lokalitet	Naturtype	V	Dato	Endring
44	BN00022171	Håskjolltjønna	E10 Naturlig fisketomme innsjøer og tjern	C	19.07.2002	Reinventert, ny områdeskildring
68	BN00022172	Norddalen	D04 Naturbeitemark	A	22.07.2002	
41	BN00022173	Andaneset	F01 Rik edellauvskog	B	18.08.2002	
55	BN00022174	Honndalsvatnet	F01 Rik edellauvskog	C	18.07.2002	
40	BN00022175	Kvernaelva	E06 Viktig bekkedrag	C	10.07.2002	
35	BN00022176	Ullalandsfeltet	B03 Ultrabasisk og tungmetallrik mark i lavlandet	B	20.05.2004	Reinventert, ny områdeskildring, ny verdi
47	BN00022177	Fyrde	G05 Strandeng og strandsump	B	01.01.1996	
52	BN00022178	Vassendskreda/Blomneset	F01 Rik edellauvskog	A	27.07.2002	Reinventert, ny områdeskildring
74	BN00022179	Bjørnenseset/Osdalsvatn	F01 Rik edellauvskog	B	18.10.2002	
63	BN00022180	Osdalssætra	D04 Naturbeitemark	B	22.06.2002	Vert stroken og erstatta av BN00037617 (nyare og fylldigare undersøking, Jordal 2006)
25	BN00022181	Øst for Fladalssætra	F08 Gammel barskog	B	01.01.1999	

Lokal-ID	IID	Lokalitet	Naturtype	V	Dato	Endring
24	BN00022182	Byrkjely	F07 Gammel lauvskog	B	04.05.1999	
23	BN00022183	Fannene	F01 Rik edellauvskog	B	20.05.2004	
32	BN00022184	Stakkset	D04 Naturbeitemark	B	01.01.1999	
22	BN00022185	Mjeltevika	D01 Slåttemark	C	01.01.1996	
31	BN00022186	Løsetnacken	F03 Kalkskog	A	01.01.1999	
72	BN00022187	Sulvassdalen	F08 Gammel barskog	B	16.07.2002	
67	BN00022188	Bøen	D01 Slåttemark	A	20.08.2002	Reinventert, ny områdeskildring
18	BN00022189	Nautvik - Djupegjølet	F01 Rik edellauvskog	B	11.09.2002	Reinventert, ny områdeskildring
76	BN00022190	Støylen	D04 Naturbeitemark	A	30.07.2002	
59	BN00022191	Fossanegjølet	F09 Bekkekløft og bergvegg	C	10.07.2001	
58	BN00022192	Dravlauslida	D06 Beiteskog	C	17.06.2001	
70	BN00022193	Grøtholen	D01 Slåttemark	A	18.07.2002	Reinventert, ny områdeskildring, ny verdi
78	BN00022194	Åmelfoten	D04 Naturbeitemark	C	30.07.2002	
82	BN00022195	Jostranda/ lauvskog	F07 Gammel lauvskog	B	07.06.2001	
19	BN00022196	Tjørnanakkane	F03 Kalkskog	A	28.08.2004	Reinventert. Vert stroken og erstatta av dei nye 111 Tjørnanakken nord og 112 Tjørnanakken sør.
79	BN00022197	Litledalen	F08 Gammel barskog	B	16.07.2002	
51	BN00022198	Litleøynå	G05 Strandeng og strandsump	B	01.01.1997	
3	BN00022199	Berknes Naturresevat	F01 Rik edellauvskog	A	01.01.1996	
36	BN00022200	Lid	F01 Rik edellauvskog	B	07.06.2002	
17	BN00022201	Alidkollen	F07 Gammel lauvskog	B	01.06.2002	
66	BN00022202	Krekane	D04 Naturbeitemark	B	19.07.2002	
16	BN00022203	Eikrem/Åreneset	F01 Rik edellauvskog	B	01.06.2002	Reinventert, ny områdeskildring, ny avgrensing, ny verdi, namn endra til Alida
5	BN00022204	Sætre	D06 Beiteskog	C	01.01.1999	
57	BN00022205	Lyngneset	F01 Rik edellauvskog	B	10.07.2001	
62	BN00022206	Fossaneøyra	F07 Gammel lauvskog	C	10.07.2001	
60	BN00022207	Fossane	E05 Fossesprøytsone	C	10.07.2001	
81	BN00022208	Jostranda/ naturbeite	D04 Naturbeitemark	B	07.06.2001	Reinventert, ny områdeskildring
14	BN00022209	Huldreholmane	F09 Bekkekløft og bergvegg	B	11.07.2001	
37	BN00022210	Nautvik	F05 Gråor-heggeskog	C	01.01.1988	
65	BN00022211	Løndalen	D01 Slåttemark	B	19.07.2002	Reinventert, ny områdeskildring

Lokal-ID	IID	Lokalitet	Naturtype	V	Dato	Endring
80	BN00022212	Straumen	G01 Grunne strømmer	B	07.07.2004	
20	BN00022213	Kilspollen	G08 Brakkvannspoller	B	01.01.1996	
27	BN00022214	Øvre Kile	D04 Naturbeitemark	C	01.01.1999	
75	BN00022215	Sanden	F01 Rik edellauvskog	B	28.02.2002	
71	BN00022216	Storebruna	B04 Nordvendte kystberg og blokkmark	B	16.02.2002	
28	BN00022217	Vest for søre Bjørkedal	F03 Kalkskog	A	01.01.2001	Reinventert. Vert stroken og erstatta av dei nye 113 Laurdalselva og 114 Kjellstad
39	BN00022218	Sandvikselva	F09 Bekkekløft og bergvegg	B	01.01.1979	Reinventert, ny områdeskiltring, ny avgrensing, ny naturtype, ny verdi
30	BN00022219	Helsetnakken	F03 Kalkskog	A	01.01.1999	Reinventert, ny områdeskiltring, ny avgrensing
29	BN00022220	Stigedalen	F01 Rik edellauvskog	A	21.05.2004	
26	BN00022221	Fladalsjuvet	F09 Bekkekløft og bergvegg	B	01.01.2001	
8	BN00022222	Hovdi	F03 Kalkskog	B	20.05.2004	Reinventert, ny områdeskiltring, ny verdi
43	BN00022223	Botnaelva	F09 Bekkekløft og bergvegg	B	21.05.2004	Reinventert, ny områdeskiltring
61	BN00022224	Bjønnasetra	D04 Naturbeitemark	C	27.07.2002	
64	BN00022225	Storenakken	F01 Rik edellauvskog	B	19.07.2002	Reinventert, ny områdeskiltring, ny avgrensing, ny verdi
53	BN00022226	Telefonna/Osdalsvatnet	F07 Gammel lauvskog	B	27.07.2002	Reinventert, ny områdeskiltring
4	BN00022227	Selvika/Koppen	F01 Rik edellauvskog	C	15.07.2000	
9	BN00022228	Årsetøya	D01 Slåttemark	B	01.01.1995	
2	BN00022229	Homborset	D04 Naturbeitemark	B	01.01.1998	Reinventert. Vert stroken og erstattast av den nyare BN00037607, som og får ny skiltring og avgrensing
73	BN00022230	Dryparfjellet/Toskegjølet	F01 Rik edellauvskog	B	16.09.2002	Reinventert, ny områdeskiltring, ny avgrensing, endra skrivemåte til Toskegjølet
69	BN00022231	Fremmerlida	D04 Naturbeitemark	A	17.07.2002	
38	BN00022232	Urane	F01 Rik edellauvskog	A	28.07.2002	Reinventert, ny områdeskiltring, ny avgrensing
12	BN00022233	Hjartå	F01 Rik edellauvskog	B	05.06.2004	Reinventert, ny områdeskiltring, ny avgrensing, endra namn til Hjarthaugbygda
34	BN00022234	Norddalsseter	B03 Ultrabasisk og tungmetallrik mark i lavlandet	C	01.01.1935	

Lokal-ID	IID	Lokalitet	Naturtype	V	Dato	Endring
NGU 2M Ø55	BN00036020	Volda	I07 Israndavsetninger	B	06.12.2005	
310	BN00037607	Homborsset	D05 Hagemark	B	23.07.2005	Reinventert. Erstattar den tidlegare BN00022229 som må slettast. BN00037607 får her også ny skildring, avgrensing og verdi.
301	BN00037608	Skjeret	D11 Småbiotop	B	06.07.2005	
309	BN00037616	Nedrelid	D03 Artsrik vegkant	A	21.07.2005	
303	BN00037617	Osdalssetra	D04 Naturbeitemark	B	21.07.2005	Erstattar den tidlegare BN00022180 som må strykast.
304	BN00037618	Grøndalsstøylen	D04 Naturbeitemark	C	21.07.2005	
305	BN00037619	Osdal SØ	D04 Naturbeitemark	B	21.07.2005	
306	BN00037620	Osdal NØ	D04 Naturbeitemark	C	21.07.2005	
302	BN00037621	Humborsset	D04 Naturbeitemark	B	21.07.2005	
311	BN00037622	Ullalandssetra	D04 Naturbeitemark	C	23.07.2005	
307	BN00037623	Tømmerbakk	D11 Småbiotop	C	21.07.2005	
308	BN00037624	Tømmerbakk	D01 Slåttemark	B	21.07.2005	

BN00022171 Håskolltjønn

UTM: LP 453 937
Hovudnaturtype: Ferskvatn/våtmark
Naturtype: E08 Rik kulturlandskapsjø
Utforming:
Verdi: C (lokalt viktig)
Mulege truslar: Fysiske inngrep, forureining
Undersøkt/kjelder: Naturbase, 10.09.2007, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal 29.01.2008 basert på opplysningar i Naturbase og eige feltarbeid 10.09.2007. Lokaliteten ligg mellom Håskoll og Gjosstøylen nær grensa til Ørsta, og grensar til skog i sør og dyrka mark i nord og aust. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2). Lokaliteten har også viltfunksjon, som hekke- og trekklokalitet for vårmarskfugl (Fylkesmannen i MR 1997).

Vegetasjon: Oligotrof tjønn med sumpar og myr i kantane. Flyteblad- og langskottvegetasjon.

Kulturpåverknad: Relativt liten. Bygdevegen går i nærleiken. Kanskje noko avrenning frå dyrka mark. Den framande (innførte) arten amerikamjølke vart funnen ("høg risiko" på svartelista, Gederaas m.fl. 2007).

Artsfunn: Av planter kan nemnast, blærerot-art, bukkeblad, flaskestorr, kvit nøkkerose, myrhatt, myrmaure, pors, rusttjønnaks, strandrøy, trådstorr og tjønnaks. Av sopp vart det m.a. funne myrhette *Mycena megaspora*. Det vart i 2007 observert augnestikkerar og dessutan to stökkender og to toppender.

Prioritering: Lokaliteten får verdi C (lokalt viktig) på grunn av han truleg ikkje tilfredsstillar kriteria for B. Lokaliteten har dessutan viltfunksjon.

Omsyn og skjøtsel: Ein bør unngå fysiske inngrep og forureining.

BN00022176 Austefjorden: Ullalandsfeltet

UTM: LP 554 895
Hovudnaturtype: Skog
Naturtype: F03 Kalkskog
Utforming: F0305 Serpentinfuruskog
Verdi: A (svært viktig)
Mulege truslar: Fysiske inngrep, treslagskifte
Undersøkt/kjelder: Bjørlykke (1938), Naturbase, 10.09.2007, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal 29.01.2008 basert på Bjørlykke (1938), opplysningar i Naturbase og eige feltarbeid 10.09.2007. Lokaliteten er ein olivinfuruskog som ligg ved nordenden av Ullalandsvatnet (Aldalsvatnet) og vest for Ullalandssetra. Ovanfor vegen er det og nokre olivinknausar i eit hogstfelt som ikkje er avgrensa. Olivinåra finst att oppe i Koppefjellet på 800 m (Bjørlykke 1938). Området ligg i mellomboreal vegetasjonssone og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

Vegetasjon: Lokaliteten er dominert av olivinfuruskog. Der det eit visst finst humuslag over berget, er det gjerne heilt vanleg røsslyng- eller blåbærvegetasjon. Der det er meir oppstikkande, nakne berg kan det vera litt meir typisk olivinvegetasjon med t.d. grønburkne og fjellarve. Det var og innslag av rik bakkemyr med m.a. breiull (LP 551 896). Nord for Sendehaugen ligg ei lita grunn tjørn, Evjevatnet, med litt vegetasjon (ikkje avgrensa).

Kulturpåverknad: Det finst planta gran fleire stader, m.a. litt langs vatnet. Ei hytte ligg på toppen av Sendehaugen (vest for Ullalandssetra). Langs vatnet er det fleire hytter. Ved nordsida av Sendehaugen er det for lang tid sidan drive litt bergverksdrift (LP 5545 8964).

Artsfunn: Av planter kan nemnast blåklokke, blåknapp, blålyng, breiull, bråtestorr, dvergjamne, einstape, enghumbleblom, fagerperikum, fjellarve, grønburkne, grønstorr, heifrytle, heisiv, hengjeaks, klokkelyng, knegras, kornstorr, loppestorr, sivblom (i blaut myr), skogfiol, skogmarihand, storfrytle, særbustorr og tågebær. Bjørlykke (1938) har dessutan notert m.a. markfrytle og fjelltjæreblom. Av mosar vart det funne m.a. småstylte *Bazzania tricrenata*, storstylte *Bazzania trilobata*, raudmuslingmose *Myliia taylorii* og kystjammemose *Plagiothecium undulatum*. Storstylte er nokså typisk for svært fuktig, oseanisk furuskog. Av sopp vart det m.a. funne rabarbrasopp *Chroogomphus rutilus*, sennepslørsopp *Cortinarius croceus*, fibra slørsopp *Cortinarius glaucopus*, kjeglevokssopp *Hygrocybe conica* og furumatrixe *Lactarius deliciosus*.

Prioritering: Lokaliteten får verdi A (svært viktig) på grunn av at det er ein kalkskog på Vestlandet (endra frå tidlegare B i Naturbase). Han er dessutan velutvikla og artsrik, og tilhøyrer ein sterkt truga naturtype. Ein reknar med at potensialet for funn av raudlista soppartar i lokaliteten er til stades.

Omsyn og skjøtsel: Ein bør unngå fysiske inngrep, og naturverdiane vert best ivaretekne dersom ein unngår hogst og treslagskifte.

BN00022178 Austefjorden: Vassendskreda/Blomneset

UTM:	LP 621 784
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	F01 Rik edellauvskog
Utforming:	F0106 Gråor-almeskog
Verdi:	A (svært viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep, treslagskifte
Undersøkt/kjelder:	Naturbase (27.07.2002, KJG), 22.08.2007 DH, 11.09.2007, DH & JBJ

Områdeskildring

Generelt: Skildringa er skriven av Dag Holtan 15.01.2008 basert på opplysningar i Naturbase og eige feltarbeid 22.08.2007 og saman med John Bjarne Jordal 11.09.2007. Lokaliteten ligg på vestsida av Osdalsvatnet, mot sørenden av vatnet, nokre kilometer sør for Austefjorden og er ein rik edellauvskog med ein del store almetre. Dette kan vera den eldste intakte almeskogen i kommunen. I sørenden er det skredmark som ber preg av beite. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon (O3).

Vegetasjon: Høgstaude-storbregneskog og bærlyngskog er vanlegaste typar. Viktigaste treslag er bjørk, elles førekjem gråor, hassel, osp, rogn og selje.

Kulturpåverknad: I nordenden av lokaliteten har det vore beita av sauer (og kan hende geiter) i lang tid. Dessutan er det eit par mindre granplantasjar innanfor avgrensinga.

Artsfunn: Av planter kan nemnast **alm** (NT på raudlista), bergfrue, brunrot, hassel, hengjeaks, hundekveke, kratthumbleblom, kvitbladtistel, mjødurt, myske, myskegras, ormetelg, rosenrot, skogsalat, skogsvinerot, stankstorkenebb, storfrytle, storklokke, strutsvegg, trollbær, trollurt og turt. Av sopp vart det m.a. funne almeknippesopp *Hypsizygus ulmarius*, **almekolsopp** *Hypoxylon vogesiacum* (NT på raudlista), glimmerblekksopp *Coprinus micaceus*, **narrepiggsopp** *Kavinia himantia* (NT på raudlista), blå barkhette *Mycena pseudocorticola*, lønnekjuke *Oxyporus populinus*, seig østerssopp *Pleurotus dryinus* og grå trompetsopp *Pseudocraterellus undulatus*. Av lav vart det funne m.a. filthinnelav, flishinnelav, grynvrenge, kystnover, kystvrenge, lungenever, muslinglav, puteglye, skrubbenever, stiftfiltlav, sølvnover og vanleg blåfiltlav. Av mosar vart det funne m.a. ryemose *Antitrichia curtipendula* (JBJ) og dronningmose *Hookeria lucens* (KJG).

Prioritering: Lokaliteten får verdi A (svært viktig) på grunn av at det er ein stor og velutvikla rik edellauvskog, med mykje gammal og grov alm, med låg grad av menneskeleg påverknad, og eit relativt stort artsmangfald. Det er truleg også potensiale for fleire raudlisteartar av lav og sopp.

Omsyn og skjøtsel: Ein bør unngå fysiske inngrep, og naturverdiane vert best ivaretekne dersom ein unngår hogst og treslagskifte i dette området.

BN00022188 Folkestad: Bøen

UTM:	LP 442 920
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	D01 Slåttemark
Utforming:	D0104 Frisk fattigeng
Verdi:	A (svært viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep, opphøyr av slått/beite, attgroing
Undersøkt/kjelder:	Naturbase (20.08.2002, KJG), 19.09.2006, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal 29.01.2008 basert på opplysningar i Naturbase og eige feltarbeid 19.09.2006. Lokaliteten er eit fråflytt bruk med intakt slåttemark, som ligg oppe i ei austvendt li i nordre del av Folkestad-bygda. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h). Bruket har slåtteenger som framleis vert haldne i hevd med slått. Lokaliteten er og omtala av Jordal (2007b, slåtteenger i Møre og Romsdal).

Vegetasjon: Vegetasjonen er dominert av G4 - frisk fattigeng.

Kulturpåverknad: Bruket har fulldyrka og overflatedyrka mark som truleg har vore noko gjødsla. Artsmangfaldet i dag tyder på at gjødslmengdene har vore moderate. Graset blir framleis fjerna med slått, og etterbeita av sau. Elles finst steingjerde og mosegrodde rydningsrøyser.

Artsfunn: Av planter kan nemnast aurikkelsvæve, blåklokke, bråtestorr, harerug, heiblåfjør, hårsvæve, knegras, lækjeveronika og smalkjempe. Av sopp vart det m.a. funne **gulbrun narrevokssopp** *Camarophyllopsis schulzeri* (NT på raudlista), navletraksopp *Cantharellula umbonata*, limvokssopp *Hygrocybe glutinipes* og seig vokssopp *Hygrocybe laeta*.

Prioritering: Lokaliteten får verdi A (svært viktig) på grunn av at det er ei stor og velutvikla slåttemark som truleg delvis har vore dyrka og gjødsla, men som har mindre påverka parti, eit variert artsutval og ein påvist raudlistearart. Ein reknar med at det er potensiale for fleire raudlisteartar.

Omsyn og skjøtsel: Det er sterkt ønskeleg med framhald i slåttene, for slike gamle slåtteenger vert stadig sjeldnare. Ein bør unngå gjødsling og fysiske inngrep.

BN00022189 Dalsfjorden: Nautvik - Djupegjølet

UTM:	LP 423 910
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	F01 Rik edellauvskog
Utforming:	F0103 Rikt hasselkratt
Verdi:	B (viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep, treslagskifte
Undersøkt/kjelder:	Kavli (1970), Naturbase (11.09.2002, KJG), 31.08.2007, DH

Områdeskildring

Generelt: Skildringa er skriven av Dag Holtan og John Bjarne Jordal i januar 2008 basert på eige feltarbeid 31.08.2007 (DH), Kavli (1970) og opplysningar i Naturbase. Lokaliteten ligg på austsida av Dalsfjorden mellom Nautvika og Djupegjølet og er eksponert mot vest, og er ein rik edellauvskog. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon (O3).

Vegetasjon: Vanlegast i dei nedre delane av lia er småbregneskog og blåbærskog med naturlege overgangar mot relativt svakt utvikla lågurtskog og storfrytlevegetasjon. Høgstaude-storbregneskog finst også, men spelar ei underordna rolle. Rundt 70 % av området har hassel som viktigaste edellauvtre, men med einskilde spreidde forekomstar av alm, ei og anna hengebjørk og elles dunbjørk, hegg, selje og gråor. Spesielt for området er fleire grove, gamle seljer, dei fleste som halvdaude læger som har påvekst av lungenever.

Kulturpåverknad: Det står ein del granplantasjar i heile området, også innafor avgrensinga. Platanlønn er i spreiding. Dette er ein framand art i kategori "høg risiko" på den norske svartelista (Gederaas m.fl. 2007). Elles har det, basert på flekkvise felt med oppslag av krattlodnegras og sølvbunke, vore beita ein del tidlegare.

Artsfunn: Av planter kan nemnast (DH) **alm** (NT på raudlista), ask, breiflangre, broddtelg, firblad, hassel, hengjeaks, hengjebjørk, kranskonvall, kratthumleblom, krattlodnegras, markjordbær, myske, sanikel, skogfiol, skogsalat, storfrytle og trollbær. KJG fann også ramslauk og trollurt. Kavli (1970) har notert kusymre, dessutan lavartane kystfiltlav *Pannaria rubiginosa*, grynfiltlav *Pannaria conoplea*, muslinglav *Normandinia pulchella*, sølvnever *Lobaria amplissima*, kystnever *Lobaria virens*, brun blæreglye *Collema nigrescens*, puteglye *Collema fasciculare* og ospeblæreglye *Collema subnigrescens*, og moseartane kveilmose *Pterogonum gracile*, gullhårmose *Breutelia chrysocoma*, dronningmose *Hookeria lucens*, pelssåtemose *Campylopus atrovirens*, stabbesteinmose *Ptychomitrium polyphyllum* og skjerfmose *Apometzgeria pubescens*. Mange av desse er kravfulle og oseaniske artar. **Kvitryggspett** (NT på raudlista) hekkar to stader i området.

Prioritering: Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av det er ein lokalitet med rik edellauvskog. Det er eit stort område som har ein del godt utvikla og rike hasselkratt med einskilte kravfulle artar, og dessutan innslag av alm.

Omsyn og skjøtsel: Ein bør unngå fysiske inngrep, og naturverdiane vert best ivaretekne dersom ein unngår hogst og treslagskifte i dette området.

BN00022193 Lauvstad: Grøtholen

UTM:	LP 406 951
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	D04 Naturbeitemark
Utforming:	D0404 Frisk fattigeng
Verdi:	B (viktig)
Mulege truslar:	Opphøyr av beite, attgroing, fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	Naturbase (18.07.2002, KJG), 19.09.2006, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal 29.01.2008 basert på opplysningar i Naturbase og eige feltarbeid 19.09.2006. Grøtholen er eit gammalt nedlagt gardsbruk i sterk attgroing. Lokaliteten er brattlendt kulturmark, stadvis med naturbeitemark, som ligg i ei austvendt li ved Sætre i sørlege del av Lauvstad, i munninga av Dalsfjorden. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

Vegetasjon: Mosaikk av G3 sølvbunkeeng og G4 frisk fattigeng med engkvein, raudsvingel, gulaks, finnskjegg mm.

Kulturpåverknad: Det vart observert styva selje og grov søyleeiner. Garden høver godt som kulturhistorisk restaureringsobjekt med sine enger og gamle bygningar, men tida er knapp.

Artsfunn: I nedre austre delen av bruket veks den raudlista solblomen (VU). Det vart i 2002 talt 120 rosettar og ellers ei mengd andre naturengplanter (KJG). I enga blei det høyrte og sett grønn markgrashoppe og ellers ei mengd andre insekter som har tilhald i slike enger, og i eit tørt parti i øvre del av bruket vart det registrert ein koloni med gravande jordbier (KJG). Solblomen vart ikkje attfunnen i 2006 (han kan framleis finnast), men vil sannsynlegvis snart forsvinna på grunn av attgroing om ikkje lokaliteten vert beita.

Prioritering: Området var tidlegare gjeve verdi A på basis av m.a. solblomfunnet ved undersøkingane i 2002. Ein vurderer no verdi B (viktig) som rettast på grunn av den sterke attgroinga som alt har ført til utarming av mangfaldet.

Omsyn og skjøtsel: Lokaliteten er i attgroing. Det er ønskjeleg med beiting. Ein bør unngå gjødsling og fysiske inngrep.

BN00022203 Voldsfjorden: Alida

UTM:	LP 433 990
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	F01 Rik edellauvskog
Utforming:	F0103 Rikt hasselkratt
Verdi:	A (svært viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep, treslagskifte
Undersøkt/kjelder:	Kavli (1970), Bugge (1993), Naturbase (01.06.2002, KJG), 19.08.2007, DH

Områdeskildring

Generelt: Skildringa er skriven av Dag Holtan og John Bjarne Jordal i januar 2008 basert på feltarbeid (DH) 19.08.2007, Kavli (1970) og Naturbase. Lokaliteten ligg nord i Voldsfjorden, mellom Eikrem og Kulsneset, og er ei lun sør- og vestvendt li som inneheld ein mosaikk av edellauvskog, gammal lauvskog og sørvendte berg og rasmarker. Namnet er endra frå Eikrem-Åreneset til Alida. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone (men med boreanemorale trekk) og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon (O3).

Vegetasjon: Godt utvikla og artsrik lågurtskog er ein vanleg type. I sør er det dessutan noko høgstaude-storbregnevegetasjon i samband med fuktsig og oppslag av svartor. Svartorskogen i sør er elles dominert av skvallerkål i marksjiktet. Viktige treslag elles er bjørk, hassel, selje, rogn og alm, elles førekjem gråor og svartor.

Kulturpåverknad: Eit større utsprengt felt i samband med rassikring og avfallsdeponering (grovavfallsplass) ligg langs vegen. Utanom steinbrot er det planta mykje gran i nærområdet. Dei mange framande artane som veks dels i vegkantar, dels i skogen, er truleg eit resultat av hageutkast over lang tid. Særleg uheldige i høve til biologisk mangfald er parkslirekne, ein pestrot-art og skvallerkål, som alle har sterk evne til spreing og fortrenging av stadbundne artar. I tillegg vil truleg platanlønn overta som viktigaste treslag i løpet av nokre få tiår. Platanlønn

og parkslirekne står i kategori "høg risiko" på den norske svartelista, det same gjeld lækjepestrot viss det er denne som veks her (Gederaas m.fl. 2007).

Artsfunn: Av planter kan nemnast (DH) **alm** (NT på raudlista), ask, **blankstorkenebb** (NT på raudlista), blåklukke, broddtelg, brunrot, fagerfredlaus, falkbregne, haremat, hassel, hengjebjørk, hundekveke, kranskonvall, kratthumleblom, kusymre, lundgrønaks, lundrapp, markjordbær, myske, myskegras, ormetelg, pestrot-art, raggtelg, ramslauk, sanikel, skogfaks, skogfiol, skogsalat, skogsvinerot, skvallerkål, stankstorkenebb, storfrytle, strandvind, svarterteknapp, svartor, trollbær og vivindel. Kavli (1970) nemner blankburkne, ein del falkbregne, begerhagtorn og bergasal. Bugge (1993) nemner også trollurt og jordnøtt. Av lav kan nemnast lungenever og skrubbenever, som veks hist og her på lauvtre og bergveggar (DH). Kavli (1970) nemner i tillegg lavartane sølvnever *Lobaria amplissima*, kystnever *Lobaria virens*, kystvrenge *Nephroma laevigatum*, grynfilflav *Pannaria conoplea*, vanleg blåfilflav *Degelia plumbea*, grynporelav *Sticta limbata*, rund porelav *Sticta fuliginosa* og kysthinnelev *Leptogium palmatum*, dessutan mosane kveilmose *Pterogonum gracile* og dronningmose *Hookeria lucens*. Mest interessant er masseførekomstane av den sjeldne arten falkbregne, som veks i tusenvis over heile lokaliteten, mest talrik i sør (DH). Arten er kjend med om lag 10 funn i Møre og Romsdal. Alida er utan tvil den viktigaste lokaliteten i fylket, og truleg skal ein eit godt stykke sør for fylkesgrensa for å finne liknande. Blankstorkenebb er og ein uvanleg art. Raudlistearane **gråspett** og **kvitryggspett** (begge NT på raudlista) er funne hekkande.

Prioritering: Lokaliteten får verdi A (svært viktig) på grunn av det er ein stor og velutvikla lokalitet med stort artsmangfald og ein del uvanlege artar (endra frå tidlegare B i Naturbase). Uheldig kulturpåverknad i nyare tid i deler av området trekkjer verdien litt ned. Potensialet for funn av sjeldne og raudlista soppar er rekna som stort, og tillagt vekt ved verddivurderinga.

Omsyn og skjøtsel: Ein bør unngå fysiske inngrep, og naturverdiane vert best ivaretekne dersom ein unngår hogst og treslagskifte i dette området. Framande planteslag bør skjøttast ut, også inntil det avgrensa området.

BN00022208 Dalsfjorden: Jostranda

UTM:	LP 359 823
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	D04 Naturbeitemark (80%)/D05 Hagemark (20%)
Utforming:	D0404 Frisk fattigeng/D0504 Frisk/fuktig blandingstype
Verdi:	B (viktig)
Mulege truslar:	Opphøyr av beite, attgroing
Undersøkt/kjelder:	Naturbase (07.06.2002, KJG), 19.09.2006, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal 29.01.2008 basert på opplysningar i Naturbase og eige feltarbeid 19.09.2007. Lokaliteten ligg på vestsida av Dalsfjorden rundt tre kilometer nord for Åmelfoten, og har naturbeitemark og hagemark i attgroing i ein raspåverka open og austvendt bakke. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

Vegetasjon: Vegetasjonen er eit attgroingsstadium av frisk fattigeng (G4) med noko innslag av bregnar og høgstaudar. Elles er det hagemark med m.a. styva alm og ein undervegetasjon av dels lågurter (m.a. myske) og dels høgstaudar.

Kulturpåverknad: Lokaliteten har merke etter hus (steinmurar - plass eller sommarfjøs, posisjon LP 3594 8238). Vegetasjonen kan tyda på litt gjødsling for lenge sidan. Området hadde ikkje teikn på beiting i 2006. Det vart funne styva selje og bjørk, og grov styva almetre med stammediameter opp til vel 1,5 meter. Elles vart det funne grov søyleeiner.

Artsfunn: Av planter kan nemnast blåknapp, gulskolm, jordnøtt, kratthumleblom, krattlodnegras, lækjeveronika, myske, ormetelg, skogfiol, skogsvinerot og storfrytle. Frå lungeneversamfunnet vart det m.a. notert kystnever, lungenever og sølvnever på styva selje og alm. På styva alm vart også **almekolsopp** (NT på raudlista) funnen. I tillegg er **gråspett** (NT på raudlista) funnen hekkande.

Prioritering: Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at det er ei naturbeitemark og hagemark med eit visst artsmangfald og truleg lang kontinuitet, men som no er i betydeleg attgroing.

Omsyn og skjøtsel: Lokaliteten er i attgroing med skog. Det er ønskjeleg med framhald i beitinga og noko krattrydding, elles vil verdiane snart bli reduserte. Ein bør unngå fysiske inngrep.

BN00022211 Folkestad: Løndalen

UTM:	LP 441 928
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	D04 Naturbeitemark
Utforming:	D0404 Frisk fattigeng
Verdi:	B (viktig)

Mulege truslar: Opphøyr av beite, attgroing, fysiske inngrep, gjødsling
Undersøkt/kjelder: Naturbase (19.07.2002, KJG), 19.09.2006, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal 29.01.2008 basert på opplysningar i Naturbase og eige feltarbeid 19.09.2006. Lokaliteten er eit brattlendt bruk med innslag av artsrike naturbeitemarker, som ligg oppe i ei austvendt li i nordlegaste delen av Folkestad-bygda. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

Vegetasjon: I kantområda finst artsrike utformingar av G4 frisk fattigeng av jordnøttutforming, som truleg har vore relativt lite gjødsla. Ein del av dei meir intensivt drivne engene er artsfattige med ein del krattlodnegras (eit teikn på gjødsling).

Kulturpåverknad: Lokaliteten var i "brukbar hevd" i 2002, men i nok meir attgroing i 2007. Store deler av arealet på bruket har nok vore ein god del gjødsla, men kantområde ber preg av lite gjødsling. Pga. attgroinga minkar mangfaldet. Her har vore sau til 2004, hest til 2005, arealet vert no bortleigd til beite. Det har vore slått til 2004, ovafor fjøset til 2005 (kjelde: Else Løndal). Det er derfor eit spørsmål om lokaliteten bør definerast som slåttemark eller beite (her endra til naturbeitemark).

Artsfunn: Av planter på solblomlokaliteten kan nemnast beitestorr, blåknapp, geitsvingel, heisiv, heistorr, smørtelg, solblom, storfrytle og tiriltunge. Solblomen var tidlegare meir utbreidd ifølgje eigaren, men veks no berre lengst i nord med eit mindre tal stenglar (posisjon målt i 2006 LP 4417 9280, 165 m o.h.). I 2002 vart det registrert 4 stenglar og 90-100 rosettar (KJG). Ovafor fjøset vart det registrert m.a. blåknapp, flekkmariland, harerug, heistorr, jordnøtt, krattlodnegras, kvitblattistel, kystgrisyre, smalkjempe og storfrytle. Elles vart det registrert prestekrage, blåklokke og nattfiol.

Prioritering: Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at det er ei naturbeitemark (tidlegare slåttemark) med eit visst artsmangfald og truleg lang kontinuitet, men som har vore delvis gjødsla, og no er i tydeleg attgroing.

Omsyn og skjøtsel: Det er ønskeleg med framhald i beitinga. Helst burde dei mest interessante delene vore slått. Ein bør unngå gjødsling og fysiske inngrep.

BN00022218 Bjørkedalen: Sandvika

UTM: LP 447 794
Hovudnaturtype: Skog
Naturtype: F03 Kalkskog
Utforming: F0305 Serpentinfuruskog
Verdi: A (svært viktig)
Mulege truslar: Fysiske inngrep, treslagskifte
Undersøkt/kjelder: Malme (1979), Naturbase, 20.08 + 30.08.2007, DH; Bjørlykke (1938), Røsberg (1975)

Områdeskildring

Generelt: Skildringa er skriven av Dag Holtan 16.01.2008 basert på eige feltarbeid 20.08. og 30.08.2007 i tillegg til litteraturopplysningar. Lokaliteten er dessutan undersøkt av Bjørlykke (1938) og Røsberg (1975). Lokaliteten ligg på vestsida av Bjørkedalsvatnet og er eksponert mot aust og søraust. Det er ein olivinfuruskog, der Sandvikselva renn gjennom, ei austvendt bekkekløft med jettegryter. Ein har behalde naturbasenummer, men endra naturtype, namn, avgrensing, skildring og verdi på lokaliteten (tidlegare Sandvikselva, bekkekløft og bergvegg, verdi B). Området ligg i sørboreal vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

Vegetasjon: Blåbærskog og røsslyngskog er viktigaste typar, men med noko svakt utvikla lågurtvegetasjon i dei brattaste, øvre delane, som har best solinnstråling. Store enger med blåtopp er også typisk for naturtypen i sterkt oseaniske strøk. Viktigaste treslag er furu, elles førekjem bjørk, gråor, hassel, osp, rogn og selje.

Kulturpåverknad: Spor etter plukkhogst er vanleg. I tillegg er det førekomst av grov søyleeiner som tyder på tidlegare skogsbeite. Granplantingar og dyrkamark av nyare dato grensar til området mot sør.

Artsfunn: Av planter kan nemnast blankburkne, **brunburkne** (NT på raudlista), engsmelle, grønburkne, hengjeaks, kornstorr, kystmyrklegg, skogfiol og svartburkne. Av sopp vart det m.a. funne **glattstorpigg** *Sarcodon leucopus* (NT på raudlista) og gul trompetsopp *Craterellus lutescens*. Mest interessant er funn av glattstorpigg, som har dei største kjende førekomstane internasjonalt sett i Bjørkedalen (og i olivinfuruskogen i Tafjord, Norddal, jfr. Holtan & Gaarder 2006). Malme (1979) omtalar to sjeldne moseartar som vaks på olivin her: køllekjølmose *Zygodon viridissimus* (første funn i fylket) og tannkrusmose *Weisia controversia* (posisjon LP 451 795 i ED50, dvs. LP 449 794 i WGS84).

Prioritering: Lokaliteten får verdi A (svært viktig) på grunn av at det er ein kalkskog på Vestlandet (endra frå tidlegare B i Naturbase). Dessutan er det ein stor og velutvikla lokalitet med olivinfuruskog, som er svært truga som naturtype nasjonalt og internasjonalt, og med eit par viktige raudlisteartar. Brunburkne, som og står på den globale raudlista, kan ha viktige bestandar her.

Omsyn og skjøtsel: Ein bør unngå fysiske inngrep, og naturverdiane vert best ivaretekne dersom ein unngår hogst og treslagskifte i dette området.

BN00022219 Bjørkedalen: Helsetnakken

UTM: LP 475 774
Hovudnaturtype: Skog
Naturtype: F03 Kalkskog
Utforming: F0305 Serpentinfuruskog
Verdi: A (svært viktig)
Mulege truslar: Fysiske inngrep, treslagskifte
Undersøkt/kjelder: Naturbase, 20.08 + 25.08.2007, DH; Bjørlykke (1938), Holtan (2006), Røsberg (1975)

Områdeskildring

Generelt: Skildringa er skriven av Dag Holtan 16.01.2008 basert på eige feltarbeid 20. og 25.08.2007 i tillegg til eige feltarbeid tidlegare (Holtan 2006). Lokaliteten er og undersøkt av Bjørlykke (1938). Lokaliteten ligg ved Helset på sørsida av Bjørkedalsvatnet, og er ein olivinfuruskog. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone (men med boreonemorale trekk) og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

Vegetasjon: Blåbærskog og røsslyngskog er vanlegaste typar, gjerne med høgt innslag av grasarten blåtopp. Viktigaste treslag er furu, elles førekjem bjørk, hassel, osp, rogn og selje. Mest interessant er likevel førekomst av lågurtskog, m.a. med hassel og alm, i dei mest soleksponerte delane.

Kulturpåverknad: Berre sporadiske spor etter tidlegare plukkhogst. Dette er (saman med den nærliggjande lokaliteten Hovdi) den einaste lokaliteten vi kjenner til av denne naturtypen kor det ikkje er nyare, negative inngrep.

Artsfunn: Av planter kan nemnast **alm** (NT på raudlista – berre ein meterhøg plante vart funnen), blankburkne, blåknapp, blårapp, breiflangre, **brunburkne** (NT på raudlista), enghumbleblom, fagerperikum, grønburkne, hassel, hengjeaks, markjordbær, myske, sanikel, skogfiol, strandsmelle, svartburkne og vaniljerot. Røsberg (1975) nemner også at raudflangre var talrik. Av sopp vart det m.a. funne beltesølvpigg *Phellodon tomentosus*, duftvokssopp *Hygrophorus agathosmus*, **fagervokssopp** *Hygrophorus calophyllus* (EN på raudlista), sotvokssopp *Hygrophorus camarophyllus*, **falsk brunskrub** *Porphyrellus porphyrosporus* (NT på raudlista), **glattstorpigg** *Sarcodon leucopus* (NT på raudlista), gul trompetsopp *Craterellus lutescens*, *Russula atroglauca*, sotvokssopp *Hygrophorus camarophyllus* og sprø olivenkremle *Russula postiana*. Mest interessant er funnet av fagervokssopp, som her har ein vestleg utpostlokalitet. Dette er ein av dei sjeldnaste av skogvokssoppene i Europa, kor Møre og Romsdal og olivinfuruskogar peikar seg ut som dei viktigaste leveområda internasjonalt. Forvaltningsansvaret i eit internasjonalt perspektiv er derfor stort (jfr. Gaarder m.fl. 2007).

Prioritering: Lokaliteten får verdi A (svært viktig) på grunn av at det er ein kalkskog på Vestlandet. Dessutan er det ein stor og velutvikla lokalitet med olivinfuruskog, som er svært truga som naturtype nasjonalt og internasjonalt. Det er og funne ein del sjeldne artar og raudlisteartar. Særleg er funn av fagervokssopp interessant og viktig. Brunburkne, som og står på den globale raudlista, kan ha viktige bestandar her.

Omsyn og skjøtsel: Ein bør unngå fysiske inngrep, og naturverdiane vert best ivaretekne dersom ein unngår hogst og treslagskifte i dette området.

BN00022222 Bjørkedalen: Hovdi

UTM: LP 462 797
Hovudnaturtype: Skog
Naturtype: F03 Kalkskog
Utforming: F0305 Serpentinfuruskog
Verdi: A (svært viktig)
Mulege truslar: Fysiske inngrep, treslagskifte
Undersøkt/kjelder: Naturbase, 20.08 + 30.08.2007, DH; Bjørlykke (1938), Holtan (2006), Røsberg (1975)

Områdeskildring

Generelt: Skildringa er skriven av Dag Holtan 16.01.2008 basert på eige feltarbeid 20.08. og 30.08.2007. Området er dessutan undersøkt av Bjørlykke (1938). Lokaliteten ligg som ei avsondra halvøy på autsida av Bjørkedalsvatnet, i nordenden, og er ein olivinfuruskog. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

Vegetasjon: Mest vanleg er blåbærskog og røsslyngskog, men med ein del svakt utvikla lågurtvegetasjon på sørsida. Viktigaste treslag er furu, elles førekjem bjørk og hassel.

Kulturpåverknad: Ei kraftline går gjennom lokaliteten, i ytterkant på austsida, kor det også står ein stolpe. Elles ser området ut til å vere påverka i nyare tid.

Artsfunn: Av planter kan nemnast blankburkne, blåklokke, blåknapp, **brunburkne** (NT på raudlista), bøk (ein plante, truleg toåring), eikeart (kan hende sommareik, planten er ein toåring), fagerperikum, grønburkne, hassel, hengjeaks, klokkevintergrøn, kranskonvall, rognasal, skogfiol, småmarimjelle, svartburkne og tågebær. Av sopp kan nemnast **glattstorpigg** *Sarcodon glaucopus* (NT på raudlista), gul trompetsopp *Craterellus lutescens*, furumatiske *Lactarius deliciosus* og sotvokssopp *Hygrophorus camarophyllus*.

Prioritering: Lokaliteten får verdi A (svært viktig) på grunn av at det er ein kalkskog på Vestlandet (endra frå tidlegare B i Naturbase). Dessutan er det ein ein liten, men intakt lokalitet med olivinfuruskog, som er svært truga som naturtype nasjonalt og internasjonalt. Det er og funne eit par viktige raudlisteartar. Vidare undersøkingar av soppfloraen kan styrke verdien. Brunburkne, som og står på den globale raudlista, kan ha viktige bestandar her.

Omsyn og skjøtsel: Ein bør unngå fysiske inngrep, og naturverdiane vert best ivaretekne dersom ein unngår hogst og treslagskifte i dette området. Bøkeplanten bør kan hende fjernast.

BN00022223 Botnaelva

UTM:	LP 480 837
Hovudnaturtype:	Ferskvatn/våtmark
Naturtype:	E05 Fossesprøytsone/F09 Bekkekløft og bergvegg
Utforming:	E0501 Moserik utforming/E0502 Urterik utforming/F0901 Bekkekløft
Verdi:	B (viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep, kraftutbygging
Undersøkt/kjelder:	Odland (1991), Naturbase, Folkestad (2004), 13.09.2007, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal 29.01.2008 basert på opplysningar i Naturbase, Odland (1991), Folkestad (2004) og dessutan eit raskt stopp ved den øvste fossen 13.09.2007 (JBJ). Botnaelva er ei bekkekløft med fossesprøytsoner, som renn mellom Litledalsvatnet og Botnavika like nord for Bjørkedalen. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone, og i overgangen mellom klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2) og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

Vegetasjon: Lokaliteten har eit visst areal av opne, skoglause fosseenger over ei lengre strekning i dei bratte partia. Desse er ikkje undersøkte med tanke på fuktkevande lav og mosar, men det er observert mykje torvmosar i markvegetasjonen. Lauvskogen er dominert av bjørk og rogn, og har innslag av hasselkratt, osp, hegg, gråor, svartor (få like ovanfor riksvegen) og alm (ved øvste fossen). Det er dermed eit visst innslag av varmekjære treslag, og i markskiktet vart det påvist myske og hengjeaks. I bjørkeskogen var markskiktet moserikt, dels med blåbærdominert vegetasjon, men stadvis med storbregnar og høgstaudar.

Kulturpåverknad: Det er stadvis granplantefelt på begge sider av elva. Langs elva ligg to sager, og murar etter fleire, dessutan restar etter kvernhus. Det finst litt dyrka mark inntil vassdraget. Av framande (innførte) artar vart det observert edelgran, gran og platanlønn, dels som sjølvsådde. Platanlønn er ein framand art i kategori ”høg risiko” på den norske svartelista (Gederaas m.fl. 2007).

Artsfunn: Av planter langs elva mellom sjøen og Litlevatnet (Folkestad 2004, J.B. Jordal) kan nemnast blåklokke, blåknapp, enghumleblom, geittelg, gulstorr, heistorr, hengjeaks, kornstorr, kvitbladtistel, kvitsymre, lækjeveronika, markjordbær, myske, revebjølle, skogrøykvein, skogsalat, stankstorkenebb, storfrytle, storklokke, strandrøyr, sumphaukeskjegg, turt, tågebær og vivendel. Lavartane lungenever og skrubbenever vart noterte. Av mosar (J.B. Jordal, rask stopp ved den øvste fossen, LP 480 837) vart det funne m.a. gullhårrose *Breutelia chrysocoma*, prakthinnemose *Plagiochila asplenioides*, kystjammemose *Plagiothecium undulatum*, fingersaftmose *Riccardia palmata* og spriketorvmose *Sphagnum squarrosum*. Potensialet for kravfulle mose- og lavartar vert rekna som betydeleg. Oter og fossefall har tilhald i heile vassdraget, fossefall hekkar, og mink er observert (Folkestad 2004). I tillegg er **kvitryggspett** (NT på raudlista) funnen hekkande i området.

Prioritering: Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at det er eit vassdrag med markerte innslag av velutvikla fosseenger, og med fleire oseaniske artar av mosar og planter. Mose- og lavfloraen burde ha vore skikkeleg undersøkt.

Omsyn og skjøtsel: Ein bør unngå fysiske inngrep og inngrep som endrar fukttilhøva langs elva, slik som utbygging.

BN00022225 Austefjorden: Storenakken

UTM:	LP 622 777
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	F01 Rik edellauvskog
Utforming:	F0106 Gråor-almeskog

Verdi: A (svært viktig)
Mulege truslar: Fysiske inngrep, treslagskifte
Undersøkt/kjelder: Naturbase, 22.08.2007, DH

Områdeskildring

Generelt: Skildringa er skriven av Dag Holtan 16.01.2008 basert på eige feltarbeid 22.08.2007 og opplysningar i Naturbase. Lokaliteten ligg i sørenden av Osdalsvatnet, på austsida, nokre kilometer sør for Austefjorden og er eksponert mot vest og sørvest. Det er ein rik edellauvskog av gråor-almeskogstype. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon (O3).

Vegetasjon: Vanlegast er frodig og godt utvikla høgstaude-storbregneskog, med overgang mot småbregneskog og svakt utvikla lågurtskog i sørenden, kor det er meir solinnstråling. Viktigaste treslag er bjørk og gråor, elles førekjem hassel, osp, rogn og selje, alm er meir spreidd.

Kulturpåverknad: Ingen synleg påverknad av nyare dato, men det har truleg vore beita tidlegare i sørenden.

Artsfunn: Av planter kan nemnast **alm** (NT på raudlista), bergfrue, brunrot, hassel, hengjeaks, hundekveke, kratthumleblom, kvitbladtistel, lundrapp, markjordbær, myske, myskegras, ormetelg, rosenrot, skogfiol, skogsalat, skogsvinerot, stankstorkenebb, storfrytle, storklokke, strandrøyr, strutsvegg, sumphaukeskjegg, trollbær, trollurt og turt.

Prioritering: Lokaliteten får verdi A (svært viktig) på grunn av det er ein svært godt utvikla og lite kulturpåverka lokalitet med rik edellauvskog.

Omsyn og skjøtsel: Ein bør unngå fysiske inngrep, og naturverdiane vert best ivaretekne dersom ein unngår hogst og treslagskifte i dette området.

BN00022226 Austefjorden: Telefonna/Osdalsvatnet

UTM: LP 627 783
Hovudnaturtype: Skog
Naturtype: F01 Rik edellauvskog
Utforming: F0106 Gråor-almeskog
Verdi: B (viktig)
Mulege truslar: Fysiske inngrep, treslagskifte
Undersøkt/kjelder: Naturbase, 22.08.2007, DH

Områdeskildring

Generelt: Skildringa er skriven av Dag Holtan 16.01.2008 basert på eige feltarbeid 22.08.2007 og tidlegare opplysningar i Naturbase. Lokaliteten ligg på vestsida av Osdalsvatnet, nokre kilometer sør for Austefjorden, og er topografisk sett ei fuktig gryte med vestleg eksponering. Det er ein rik edellauvskog av gråor-almeskogstype. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon (O3).

Vegetasjon: Heile lokaliteten har frodig og godt utvikla høgstaude-storbregnevegetasjon. Viktigaste treslag er bjørk og gråor, elles førekjem hassel, hegg, osp, rogn og selje.

Kulturpåverknad: Det har vore veda litt i delområda nærmast vegen i nyare tid, slik at her er krattskog, elles ingen synleg påverknad.

Artsfunn: Av planter kan nemnast **alm** (NT på raudlista), myskegras, rosenrot, sauetelg, storfrytle, strandrøyr, strutsvegg, sumphaukeskjegg og trollurt.

Prioritering: Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av det er ein lokalitet med rik edellauvskog, som også har ein del grov alm.

Omsyn og skjøtsel: Ein bør unngå fysiske inngrep, og naturverdiane vert best ivaretekne dersom ein unngår hogst og treslagskifte i dette området.

BN00022230 Voldsfjorden: Dryparfjellet/Toskegjølet

UTM: LP 483 917
Hovudnaturtype: Skog, Rasmark, berg og kantkratt
Naturtype: F01 Rik edellauvskog/B01 Sørvendt berg og rasmark
Utforming: F0103 Rikt hasselkratt/B0103 Rasmark
Verdi: A (svært viktig)
Mulege truslar: Fysiske inngrep, treslagskifte
Undersøkt/kjelder: Kavlie (1970), Naturbase (16.09.2002, KJG), 30.08.2007, DH

Områdeskildring

Generelt: Skildringa er skriven av Dag Holtan og John Bjarne Jordal i januar 2008 basert på eige feltarbeid 30.08.2007 (DH), Kavli (1970) og Naturbase. Lokaliteten ligg i Voldsfjorden, ca to kilometer sør for Volda sentrum, mellom Toskegjølet og Andaneset og er ein rik edellauvskog (ca. 70%) med ein del hassel, i mosaikk

med noko rasmark (rundt 30%). Lokaliteten er svært bratt, steinet og rasutsett. Eit markant gjøl, Toskegjølet, går frå riksvegen opp mot toppen av Rotsethornet. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone (men med boreonemorale trekk) og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon (O3).

